

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: onsdag 11. februar 2015
Tid: kl. 09.30
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.
Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 02/15 og 03/15

Sakliste:

- 01/15 Godkjenning av protokoll 27.11.14**
- 02/15 Referat- og orienteringssaker 11.02.15**
- 03/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Styring av byggeprosjekt**
- 04/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – Plan- og byggesaker**
- 05/15 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – Legetenesta i Suldal kommune**
- 06/15 Årsmelding for kontrollutvalet 2014**

Ymse

Aksdal, 03.02.15

Sverre Underbakke (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sakene 02/15 og 03/15)
Varamedlem (til orientering, bortsett frå Ole-Johan Østebø som er kalla inn for Sverre Underbakke)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.15	01/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.11.14

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.11.14


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 27.11.14 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 03.02.15



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **27. november 2014** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Sverre Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 09.30 – 11.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Berit Myrland (SV), Solveig Sukka (Sp), Vanja Ignjatic (H), Tormod Skeie (SV) og Sverre Underbakke (H)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Frode Gøthesen, Rogaland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 23/14
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 23/14 var handsama som fyste sak, deretter blei saklista fylgt

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 21/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL 10.09.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.14:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.14:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.14 blir godkjent slik han ligg føre

SAK 22/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.11.14

- 33. Statusoversikt pr. november 2014
- 34. Komm. styrevedtak sak 14/064 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
- 35. Komm. styrevedtak sak 14/065 – Endring av reglement for kontrollutvalet
- 36. Eigarskapsmelding 2014
- 37. TBU: 1,75 prosent – artikkel frå Kommunal Rapport 17.11.14
- 38. Oppsummering frå konferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.14:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Under pkt. 34 kommenterte utvalsleiar at kommunen burde vurdere å gå inn som eigar av Rogaland Revisjon IKS. Dette burde vurderast ved neste anbodsrunde, og at Suldal sitt anbod måtte handsamast separat. Utvalssekretær oppsummerte kort frå konferansen i Sandnes, der ingen frå utvalet deltok. Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.14:

Referatsakene 33 – 38 vert tatt til orientering.

SAK 23/14 ORIENTERING OM BUDSJETTFRAMLEGGET FOR 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.14:

Rådmannen gjorde greie for framlegget til budsjett for 2015 og økonomiplanen. Framlegget utgjer 5 ulike dokument.

Rådmannen gjorde greie for folketalsutviklinga og at det ville bli fleire eldre i framtida. Han orienterte om dei økonomiske forutsetningane, dei frie inntektene og store inntektspostar, ulike satsingsområde, investeringar og utviklinga av lånegjeld. Kommunen er framleis inntektssterk, men inntektene vil bli lågare i tida framover. Rådmannen vil tilpasse kommunen sin aktivitet og tenestetilbod i tråd med denne utviklinga. Investeringane er framleis høge og vil føre til auke i lånegjelda. Kravet til driftsresultatet ligg fast på 5 %, men rådmannen sitt framlegg legg opp til eit noko lågare resultat for 2015. Rådmannen svara på spørsmål frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.14:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

SAK 24/14 VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2015

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt/ eller selskapskontroll av «xxxxxx» til neste møte, 11.02.15.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.14:

Utvalet drøfta kva for prosjekt dei ville setja i bestilling no, ut frå planen og dei prioriterte prosjekta. Medlemmene vart samde om å venta med pkt. 3 på lista - *Helseavdelinga – organisering og arbeidsmiljø* grunna at rådmannen i møtet hadde sagt at organiseringa av heile helse- og omsorgstenesta skulle utgreiast i 2015.

Tormod Skeie gjorde framlegg om å velja prosjektet – *Rutinar for skifte av legar*. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.14:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt «Rutinar ved skifte av legar» i neste møte, 11.02.15.

SAK 25/14 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2015:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Onsdag 11. februar	Kl. 09.30	
Onsdag 29. april	Kl. 09.30	
Torsdag 3. september	Kl. 09.30	
Torsdag 12. november	Kl. 09.30	Nytt utval

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.14:

Utvalet drøfta framlegget til møteplan. Tormod Skeie gjorde framlegg om å fastsetje dato for eit «reservemøte» 10. juni. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.14:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2015:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Onsdag 11. februar	Kl. 09.30	
Onsdag 29. april	Kl. 09.30	
Onsdag 10. juni	Kl. 09.30	
Torsdag 3. september	Kl. 09.30	
Torsdag 12. november	Kl. 09.30	Nytt utval

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

YMSE

Eigenandel på sjukeheimen

Solveig Sukka hadde fått innspel om at fleire bebuarar med fast plass på sjukeheimane hadde fått store rekningar når året var omme, som avrekning for opphaldet. Utvalet slutta opp om at dei ville be rådmannen komme med ei skriftleg utgreiing av regelverket for eigenandel, utrekningsmåte, trekk i pensjon/trygd, og avrekninga ved årslutt, til neste møte.

Suldalslågen – løyve til massedeponi

Tormod Skeie gjorde framlegg om at utvalet skulle be rådmannen gjere greie for kommunen si handsaming av at det var gjeve løyve til eit massedeponi langs Suldalslågen. Det var utarbeidd ein rapport om grunnforholda langs elva tidligare. Denne var, etter det han kjende til, ikkje tatt omsyn til i samanheng med at dette løyve vart gjeve. Deponiet hadde rast ut i elva og forureina denne.

Utvalet slutta opp om at dei ville be rådmannen om ei skriftleg utgreiing om løyve som var gjeve til eit massedeponi ved elva, til neste møte.

Neste møte: onsdag 11.02.15, kl. 09.30

Sand/Aksdal, 27.11.14

Sverre Underbakke
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.15	02/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.02.15

1. Utgreiing om brukarbetaling på sjukeheimen, v/rådmannen
2. Ras Suldalslågen, v/rådmannen
3. Statusoversikt pr. februar 2015
4. Skatterekneskapen for 2014
5. Årsrapport – frå Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
6. Rapport frå NKRF-konferansen 4. – 5. februar 2015 v/sekretær
7. Tertialrapport pr. 31.12.14 frå Rogaland Revisjon IKS
8. Oversikt over statlege tilsyn i 2015 – frå Fylkesmannen i Rogaland
9. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
10. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1 - 10 blir tatt til orientering.

Aksdal, 03.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VEDLEGG SAR 2/15, pls. 1

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 05.01.15

Journalført: 15/01 1096

Arkivkode: 216

Til rådmann Øyvind Valen

Utgreiing om brukarbetaling på sjukeheimen, etter spørsmål frå kontrollutvalet.

Eigenbetaling for opphald på sjukeheimen er regulert i «Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester», fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet 16. des. 2011. Den er heimla i «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.» av 24. juni 2011 nr. 30 § 11-2.

Korttidsopphald har fast pris på kr. 142,- pr. døgn. (kr.147,- frå 2015). Om ein overstig korttidsopphald over 60 døgn i eit kalenderår, blir det berekna vederlag og kravd betaling som for langtidsopphald.

Dag eller nattopphald kostar kr. 74,- pr. gang. (kr.77,- frå 2015)

Ved langtidsopphald er den første månaden etter innflyttingsdato betalingsfri. Betaling reknast frå dato til dato. Utrekning av betaling for langtidsplass er noko meir komplisert, men beskrivast i forskrifta. Denne ligg som vedlegg. I § 3 står det blant anna:

Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrucket et fribeløp på kroner 7.250 pr. år, kan det kreves betalt 75 % årlig. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 %. Betaling skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 % av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelene av fribeløpet.

Som inntekt regnes årets inntekter på grunnlag av pensjon, andre løpende trygdeytelser, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leieinntekt, renter og annen avkastning av formue, etter fradrag av skatt og gjeldsrenter. Avkastning av erstatning for fremtidige utgifter regnes ikke som inntekt.

§ 5 seier noko om frådrag. Det er fastsett frådrag for dei som har heimebuande ektefelle, eller barn som dei forsørgjar. Det er og opning for skjønsmessige frådrag, t.d. for bu-utgifter. Vi gir nokre skjønsmessige frådrag, etter individuell behandling av framlagde dokument.

På Suldal sjukeheim er det Anne Marie Torsteinbø, saksbehandlar på bestillarkontoret, og meg som einingsleiar for sjukeheimen, som står for vurderingane. Saksgangen er slik:

Når nokon får vedtak om langtidsplass eller overskrid korttidsopphald over 60 døgn, tek vi kontakt med dei eller pårørande, og gir ut informasjonsskjema om vederlagsberekning og eigenbetaling for opphald i institusjon visar til vedlegg «orientering om egenandel for opphold i institusjon mv.» Ein ber og om opplysningar om økonomien i form av utfylling av eit skjema visar til skjema «oppgåve over inntektsforhold». Den siste inneheld og fullmakt til å innhenta opplysningar. Det blir gitt bistand til utfylling om det er behov for det. På grunnlag av dei innsende opplysningane gjer vi ei vederlagsberekning. Det er programvaren i Cos-Doc som gjer sjølve utrekninga, etter kva vi legg inn. Det sendas ut vedtak om utrekninga og beløp til månadleg betaling. Det opplysast og om moglegheit for å klage på vedtaket. Same beløpet står då til betaling framover, til vi bereknar på nytt. Det gjer vi om det kjem fram opplysningar om endringar i den personlege økonomien, eller om nokon ber oss

gjere det på nytt. vi inviterer til møte om det er noko vi eller dei det gjeld meiner er uklart i høve utrekningane.

Når vi får likninga for det føregåande året, (tidleg haust) gjer vi ei etterberekning. Viser den avvik, gjer vi og ei ny vederlagsberekning, for å minisera neste års etterberekning. Ved dødsfall er det høve for familien å be om førehandslikning, og få gjort etterberekninga etter denne.

Moglege grunnar til feil eller store avvik:

Pensjonar eller andre inntekter/utgifter som ikkje er meldt inn, og difor ikkje teke med i berekninga. Endringar i pensjonar eller anna inntekt. Endringar i høve familietilhøve, ektefelle eller uskifta bu. Feil i beløpa vi tastar inn. Feil vurderingar frå oss.

Me opplev at feilen oftast gjeld at dei har ein anna pensjon enn frå folketrygda, som dei ikkje har meldt inn. Denne kjem først fram på likninga når det blir føreteke ei etterberekning av opphaldet. Då er det allereie om lag 8 til 10 md. ut i året etter, og feilen føl med også for store deler av dette året.

For 2013 har vi teke etterberekning på 32 personar.

7 av desse fekk pengar tilbake, det største beløpet var på kr. 15.580,-.

25 personar fekk rekningar, 6 av desse var over kr. 15.000,-. Den største var på kr. 62.000,-.

24.12.2014

Nora Thorbjørnsen

Einingsleiar Suldal sjukeheim

Vedlegg:

1. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester
2. Orientering om egenandel for opphold i institusjon mv
3. Oppgave over inntektsforhold

Vedlegg 1:

Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

Kapitteloversikt:

Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv. (§§ 1 - 7)

Kapittel 2. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester utenfor institusjon (§§ 8 - 10)

Kapittel 3. Egenandel for kommunal legehjelp og fysikalsk behandling (§§ 11 - 12)

Kapittel 4. Klage og ikrafttreden (§§ 13 - 14)

Hjemmel: Fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet 16. desember 2011 med hjemmel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 11-2.

Endringer: Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281, 17 jan 2013 nr. 61, 22 april 2013 nr. 408, 12 des 2013 nr. 1448, 11 juni 2014 nr. 846.

Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv.

§ 1. Vilkår og definisjoner

Kommunen kan kreve egenandel for opphold i institusjon som nevnt i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c når kommunen helt eller delvis dekker utgiftene til opphold i slik institusjon, eller har stillet garanti for oppholdet.

Det kan likevel ikke kreves egenandel for:

- a) korttidsopphold som primært ytes for å avlaste pårørende i deres omsorgsoppgaver
- b) døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp.

I forskriften her menes med

- a) korttidsopphold: Tidsavgrenset opphold i institusjon gitt som døgnopphold, dagopphold eller nattopphold.
- b) langtidsopphold: Opphold i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrenset opphold når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

§ 2. Om vedtaket

Den kommunen som har stilt garanti eller dekker oppholdsutgiftene treffer vedtak om egenandel etter denne forskriften.

Det skal underrettes skriftlig om at det kan treffes vedtak om betaling i samsvar med denne forskriften. Slik underretning skal gis før eller senest samtidig med at avtale om flytting til institusjon mv. blir inngått. Underretningen skal gis til beboeren. I de tilfeller hvor beboeren ønsker det eller hvor vedkommende er ute av stand til å motta underretning, skal slik underretning også gis til verge eller nærmeste pårørende.

Når vedtak om betaling er truffet skal kommunen straks gi underretning om dette til beboeren. Det skal videre gis opplysning om klageadgangen.

0 Endret ved forskrift 22 april 2013 nr. 408 (i kraft 1 juli 2013).

§ 3.Egenandelens størrelse ved langtidsopphold

Egenandelen må ikke overstige de reelle oppholdsutgifter. Kapitalutgiftene skal ikke tas med i beregningen av oppholdsutgiftene. Kommunen fastsetter oppholdsutgiftene ved den enkelte institusjon.

Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrukket et fribeløp på kroner 7 250 pr. år, kan det kreves betalt 75 prosent årlig. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 prosent. Betalingen skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 prosent av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelingen av fribeløpet. Beboer som, uten selv å ønske det, legges på dobbeltrom skal ved beregningen tilstås et fribeløp på kroner 35 000 pr. år.

Kommunen kan kreve egenandel av barn som har opphold i institusjon. En forutsetning for kommunens egenandelskrav er at barnet har selvstendig inntekt. Foreldrenes inntekts- og formuesforhold skal holdes utenfor egenandelsberegningen.

Som inntekt regnes årets inntekter på grunnlag av pensjon, andre løpende trygdeytelser, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leieinntekt, renter og annen avkastning av formue, etter fradrag av skatt og gjeldsrenter. Avkastning av erstatning for fremtidige utgifter regnes ikke som inntekt.

Kommunen kan kreve opplysninger om inntektsforhold som er nødvendig for å kunne fastsette egenandelen.

Dersom beboerens økonomiske situasjon endrer seg vesentlig, eller tidligere vedtak viser seg å bygge på uriktige opplysninger, skal saken tas opp til ny vurdering. Viser skatteoppgjøret for foregående år at det ikke er beregnet riktig egenandel, skal det skje et etteroppgjør.

Arbeids- og velferdsetaten kan holde tilbake utbetaling av trygdeytelser og andre samordnede ytelser som legges til grunn for betaling av egenandel etter denne forskrift, jf. folketrygdloven § 22-7.

0 Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281 (i kraft 1 jan 2013), 12 des 2013 nr. 1448 (i kraft 1 jan 2014), 11 juni 2014 nr. 846 (i kraft 1 juli 2014).

§ 4.Egenandelens størrelse ved korttidsopphold

Kommunen kan ta betaling med inntil kroner 142 pr. døgn for korttidsopphold og med inntil kroner 74 for det enkelte dag- eller nattopphold.

0 Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281 (i kraft 1 jan 2013), 12 des 2013 nr. 1448 (i kraft 1 jan 2014).

§ 5.Fradrag i beregningsgrunnlaget

Dersom den som oppholder seg i institusjon mv. har hjemmeboende ektefelle eller mindreårig barn, eller helt eller delvis forsørger barn over 18 år, skal det gjøres fradrag i beregningsgrunnlaget.

Fradraget skal minst tilsvare de brutto pensjonsytelser ektefelle/barn ville fått fra folketrygden dersom institusjonsbeboeren var død. Dersom ektefelle/barn mottar egen arbeidsinntekt eller pensjon fra folketrygden, skal de beregnede brutto pensjonsytelser i forrige punktum reduseres krone for krone mot ektefelle/barns arbeidsinntekter og pensjon fra folketrygden.

I tillegg gjøres det fradrag med et beløp som tilsvarer 50 prosent av beboerens brutto offentlige pensjoner etter samordning og 50 prosent av beboerens brutto private pensjonsytelser.

Fradrag kan også fastsettes på grunnlag av hva som er rimelig ut fra vedkommendes inntekt og forholdene for øvrig.

Dersom det i særlov er gitt bestemmelser om minsteytelse under opphold på institusjon mv. skal disse legges til grunn.

Fradrag skal skje etter at inntekten er fratrasket skatt og gjeldsrenter.

§ 6.Tidsrom for betaling av egenandel

For langtidsopphold kan krav om egenandel først gjøres gjeldende etter en måned regnet fra innflyttingsdato. Ved flytting direkte fra annen institusjon eller privat forpleining skal tiden for opphold i denne institusjon mv. medregnes.

Kommunen har adgang til å ta betaling for korttidsopphold og dag- eller nattopphold fra første dag.

Har beboeren hatt flere korttidsopphold kan kommunen kreve egenandel etter § 3 når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

Plikten til å yte egenandel gjelder til og med den dag institusjonsoppholdet opphører.

§ 7.Hvilke tjenester omfattes av egenandelen

Egenandelen skal omfatte kost, losji, medisiner mv. samt helse- og omsorgstjenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstjenesteloven.

Kapittel 4. Klage og ikrafttreden

§ 13.Klage og omgjøring

Ved klage på vedtak om betaling av egenandel etter kapittel I og II gjelder bestemmelsene i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7.

Helsedirektoratet er overordnet forvaltningsorgan med adgang til å omgjøre vedtak uten klage, jf. forvaltningsloven § 35.

0 Endret ved forskrift 17 jan 2013 nr. 61.

§ 14.Ikrafttreden

Denne forskriften trer i kraft 1. januar 2012. Fra samme tid oppheves forskrift 26. april 1995 nr. 392 om vederlag for opphold i institusjon m.v.

Orientering om egenandel for opphold i institusjon mv.

Opplysninger om beboer/saker

Etternavn

Fornavn, mellomnavn

Orientering

Helse- og Omsorgsdepartementet har i medhold av Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. av 24. juni 2011, fastsatt Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester av 16. desember 2011. De deler av forskriften som berører egenandel for opphold i institusjon er gjengitt på baksiden.

Kommunen fastsetter oppholdsutgiftene ved den enkelte boform. Den kommunen som har stilt garanti eller dekker oppholdsutgiftene, treffer vedtak om egenandel etter forskriften. Egenandelen må ikke overstige de reelle oppholdsutgiftene ved institusjonen.

Korttids- og dag/nattopphold

Kommunen kan ta betaling med inntil kr 142 per døgn for korttidsopphold og inntil kr 74 per dag- eller nattopphold. Ved korttidsopphold som overstiger 60 døgn per år vil egenandelen beregnes etter de samme reglene som ved langtidsopphold.

Langtidsopphold

Egenandelen for langtidsopphold beregnes på bakgrunn av beboerens inntekter og fradrag, fratrasket et beløp til egen disposisjon. Dette utgjør 75 % av fribeløpet, 25 % av folketrygdens grunnbeløp (G) og 15 % av inntekter over G. Fribelet og grunnbeløpet fastsettes årlig av departementet. Som inntekt regnes også renter av formue. Selve formuen er personlig og tas ikke med i beregningen av egenandelen.

Opplysninger om inntekt og fradrag skal fremlegges kommunen. I tillegg kan kommunen innhente nødvendige opplysninger om din (og eventuelt ektefelles, registrert partners/samboers) inntekt fra ligningskontoret og NAV. Hvert år, når ligningen foreligger, vil det også gjøres et etteroppgjør.

Generelt

Alle søknader om opphold i institusjon vil bli besvart skriftlig.

Beboeren (eventuelt pårørende eller verge etter fullmakt) skal i vedtaket informeres om hva slags type opphold som er gitt. Samtidig underrettes om at det kan treffes vedtak om betaling i samsvar med forskriften. Vedtak om betaling vil først gjelde etter at beboer har flyttet inn.

Kommunens vedtak kan påklages til Fylkesmannen, jf. forskriften § 8. For nærmere opplysninger om regler for egenandel, kan kommunen kontaktes.

NB! Husk at orienteringen må signeres og returneres til ansvarlig avdeling i kommunen.

Erklæring

Beboer, eventuelt pårørende eller verge bekrefter å ha mottatt orientering om egenandel for opphold i institusjon. Alle opplysninger omfattes av bestemmelsene om taushetsplikt og er unntatt offentlighet.

Sted

Dato

Underskrift

Ev. pårørendes/verges navn

Oppgave over inntektsforhold

PERSONALIA

Beboer	Navn			
Fødselsnummer			☐ Enslig ☐ Enke/enkemann ☐ Samboer ☐ Gift	
Bosted/institusjon	Navn		Innlagt dato	
Pårørende	Navn			
	Adresse		Telefon	

Sitter De i uskiftet bo?	Hvis ja, uskiftet med	Sitter De i felleseie?	Disponeres bankkonti av begge?	Har De særrett?	Er De krigspensjonist?
☐ Ja ☐ Nei	☐ Barn ☐ Andre	☐ Ja ☐ Nei	☐ Ja ☐ Nei	☐ Ja ☐ Nei	☐ Ja ☐ Nei

INNTÆKT FRA FOLKETRYGDEN

Grunnpensjon	kr	Tilleggpensjon	kr	Andre ytelser	kr
--------------	----	----------------	----	---------------	----

INNTÆKTER – utover kontantytelser fra folketrygden (oppgis pr. år)

Pensjon	kr	Evt. for ligningskontoret	
Arbeidsinntekt	kr		
Næringsinntekt	kr		
Leieinntekt	kr		
Renteinntekt	kr		
Annen avkastning av formue	kr		
Andre inntekter, f.eks. bostotte	kr		
	kr		
	kr		

Ektefelles tilleggspensjon	kr	
----------------------------	----	--

FRADRAK

Skatt	kr	Evt. for ligningskontoret	
Forskuddsskatt	kr		
Gjeldsrenter	kr		
Forsørgerfradrag	kr		
Andre fradrag	kr		
	kr		

Herved bekreftes at ovenstående/vedlagte opplysninger er gitt etter beste skjønn og overbevisning. Jeg gir min tillatelse til at det innhentes opplysninger hos likningsmyndigheter, NAV, samt private arbeidsgivere, fond og forsikringsselskaper i forbindelse med mine økonomiske forhold. Beboer, eventuelt pårørende eller verge bekrefter å ha mottatt orientering om vederlag for opphold i institusjon.

Alle opplysningene omfattes av bestemmelsene om taushetsplikt og er unntatt offentlighet.

Sted _____ Dato _____ Underskrift _____

Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

Fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet 16. desember 2011 med hjemmel i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. av 24. juni 2011 nr. 30 § 11-2.

Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv.

§ 1 *Vilkår og definisjoner*

Kommunen kan kreve egenandel for opphold i institusjon som nevnt i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c når kommunen helt eller delvis dekker utgiftene til opphold i slik institusjon, eller har stillet garanti for oppholdet.

Det kan likevel ikke kreves egenandel for:

- a) korttidsopphold som primært ytes for å avlaste pårørende i deres omsorgsoppgaver
- b) døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp.

I forskriften her menes med

- a) *korttidsopphold*: Tidsavgrenset opphold i institusjon gitt som døgnopphold, dagopphold eller nattopphold.
- b) *langtidsopphold*: Opphold i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrenset opphold når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

§ 2 *Om vedtaket*

Den kommunen som har stilt garanti eller dekker oppholdsutgiftene treffer vedtak om egenandel etter denne forskriften.

Det skal underrettes skriftlig om at det kan treffes vedtak om betaling i samsvar med denne forskriften. Slik underretning skal gis før eller senest samtidig med at avtale om flytting til institusjon mv. blir inngått. Underretningen skal gis til beboeren. I de tilfeller hvor beboeren ønsker det eller hvor vedkommende er ute av stand til å motta underretning, skal slik underretning også gis til verge/hjelpesverger eller nærmeste pårørende.

Når vedtak om betaling er truffet, skal kommunen straks gi underretning om dette til beboeren. Det skal videre gis opplysning om klageadgangen.

§ 3 *Egenandelens størrelse ved langtidsopphold*

Egenandelen må ikke overstige de reelle oppholdsutgifter. Kapitalutgiftene skal ikke tas med i beregningen av oppholdsutgiftene. Kommunen fastsetter oppholdsutgiftene ved den enkelte institusjon.

Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrukket et fribeløp på kroner 6.800 pr. år, kan det kreves betalt 75 % årlig. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 %. Betaling skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 % av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelene av fribeløpet.

Kommunen kan kreve egenandel av barn som har opphold i institusjon. En forutsetning for kommunens egenandelsskrav er at barnet har selvstendig inntekt. Foreldres inntekts- og formuesforhold skal holdes utenfor egenandelsberegningen.

Som inntekt regnes årets inntekter på grunnlag av pensjon, andre løpende trygdeytelser, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leieinntekt, renter og annen avkastning av formue, etter fradrag av skatt og gjeldsrenter. Avkastning av erstatning for fremtidige utgifter regnes ikke som inntekt.

Kommunen kan kreve opplysninger om inntektsforhold som er nødvendig for å kunne fastsette egenandelen.

Dersom beboerens økonomiske situasjon endrer seg vesentlig, eller tidligere vedtak viser seg å bygge på uriktige opplysninger, skal saken tas opp til ny vurdering. Viser skatteoppgjøret for foregående

år at det ikke er beregnet riktig egenandel, skal det skje et etteroppgjør.

Arbeids- og velferdsetaten kan holde tilbake utbetaling av trygdeytelser og andre samordnede ytelser som legges til grunn for betaling av egenandel etter denne forskrift, jf. folketrygdloven § 22-7.

§ 4 *Egenandelens størrelse ved korttidsopphold*

Kommunen kan ta betaling med inntil kroner 133 pr. døgn for korttidsopphold og med inntil kroner 70 for det enkelte dag- eller nattopphold.

§ 5 *Fradrag i beregningsgrunnlaget*

Dersom den som oppholder seg i institusjon mv. har hjemmeboende ektefelle eller mindreårig barn, eller helt eller delvis forsørger barn over 18 år, skal det gjøres fradrag i beregningsgrunnlaget.

Fradraget skal minst tilsvare de brutto pensjonsytelser ektefelle/ barn ville fått fra folketrygden dersom institusjonsbeboeren var død. Dersom ektefelle/barn mottar egen arbeidsinntekt eller pensjon fra folketrygden, skal de beregnede brutto pensjonsytelser i forrige punktum reduseres krone for krone mot ektefelle/barns arbeidsinntekter og pensjon fra folketrygden.

I tillegg gjøres det fradrag med et beløp som tilsvare 50 % av beboerens brutto offentlige pensjoner etter samordning og 50 % av beboerens brutto private pensjonsytelser.

Fradrag kan også fastsettes på grunnlag av hva som er rimelig ut fra vedkommendes inntekt og forholdene for øvrig.

Dersom det i særlov er gitt bestemmelser om minsteytelser under opphold på institusjon mv., skal disse legges til grunn.

Fradrag skal skje etter at inntekten er fratrukket skatt og gjeldsrenter.

§ 6 *Tidsrom for betaling av egenandel*

For langtidsopphold kan krav om egenandel først gjøres gjelden etter en måned regnet fra innflyttingsdato. Ved flytting direkte fra annen institusjon eller privat forpleining, skal tiden for opphold i denne institusjon mv. medregnes.

Kommunen har adgang til å ta betaling for korttidsopphold og dag- eller nattopphold fra første dag.

Har beboeren hatt flere korttidsopphold kan kommunen kreve egenandel etter § 3 når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

Plikten til å yte egenandel gjelder til og med den dag institusjonsoppholdet opphører.

§ 7 *Hvilke tjenester omfattes av egenandelen*

Egenandelen skal omfatte kost, losji, medisiner mv. samt helse- og omsorgstjenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstjenesteloven.

Kapittel 4. Klage og ikrafttreden

§ 13 *Klage*

Ved klage på vedtak om betaling av egenandel etter kapittel I og II gjelder bestemmelsene i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7.

§ 14 *Ikrafttreden*

Denne forskrift trer i kraft 1. januar 2012. Fra samme tid oppheves forskrift av 26 april 1995 nr. 392 om vederlag for opphold i institusjon mv.

INTERNT NOTAT

Til:

Øyvind Valen

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 20.01.15
Journalført: 15/241 og 4
Arkivkode: 216 --

Dok. ref.
14/1276-35

Arkivkode
K2 - X53

Dato:
13.01.2015

RAS SULDALSLÅGEN - MELDING TIL KONTROLLUTVALET

Vedlegg:

- 1) Søknad frå KV- bygg
- 2) Utskrift av d-sak 246/14
- 3) Rapport frå KV-bygg vedkomande arbeidet
- 4) Sak til Formannskapet 16.01.2015

Rapport: Grunntilhold på SAND

Bakgrunn

I møtet 27.11.2014 bad kontrollutvalet om ei orientering om kommunen si handsaming av at det var gjeve løyve til massedeponi langs Suldalslågen. Det vart og spurd kvifor det ikkje var teke omsyn til rapporten om grunntilhøva i Sandsområdet.

Svar

Kommunen gav 04.09.2014 løyve til å tippa overskotsmasse frå Haugen bustadfelt i ei kløft på Hauge hjå Jan Hallvard Møgedal og Ola Hauge. Ein enkel søknad frå KV-Bygg Suldal vart motteken dagen før. Det vart bede om rask handsaming då framdrifta for bustadfeltet kravde rask flytting av massane.

Tiltaket vart vurdert til å vera eit enkelt landbrukstiltak i samsvar med LNF-føremålet i kommuneplanen. Verken søkjar eller kommune vurderte søknaden om terrengjustering som rasfarleg, men ein var oppteken av å hindra avrenning til Lågen. Søknaden vart dermed ikkje vurdert opp mot rapporten om grunntilhøva i Sandsområdet.

Då arbeidet var i ferd med å bli avslutta 13.10.2014 raste det ut på sida av fyllinga.

Sak til formannskapet 16. januar har nærare informasjon om er gjort etter raset

Bygdeutvikling

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef



1

MESTERHUS

- det blir som avtalt

Søknad om tillatelse til terreng-justering.

Me søker med dette om å få fylle i eksisterande kløft på G.nr 101 Br.nr. 1 og 2 på Sand.
Sjå vedlagt kart.

Ein reknar med ca. 1000m³ jord som skal tippast, i ei kløft / område på ca. 600m²
Det er jordmassar ifrå Haugenfeltet på Eide, Sand


Håpar på rask sakshandsaming då framdrifta i Haugenfeltet krev at me flyttar jordmassane neste veke.

Med helsing *for*

Ola Hauge og Jan Hallvard Møgedal.


.....
Cecilie Jøisa
Dagleg leiar
KV-bygg Suldal as





2

SULDAL KOMMUNE

Delegert sak

SAKSGANG		
Saksnummer	Utval	Møtedato
246/14	Fullmaktsvedtak bygdeutviklingssjefen	04.09.2014

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
101/1 og 2	Endre Gjil	14/1034
		14/10302

GNR 101 BNR 1 OG 2 SAND - KV-BYGG SULDAL - TERRENGJUSTERING

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.09.2014	KV Bygg Suldal	GNR 101 BNR 1 OG 2 SAND - SØKNAD LØYVE TIL TERRENGJUSTERING

Fakta

KV-Bygg Suldal AS har på vegne av Ola Hauge og Jan Hallvard Møgedal (eigarar av gnr. 101 bnr. 1 og 2) søkt om løyve til å tippa 1000 m³ jord i ei kløft. Det er jordmassar frå Haugenfeltet på Eide. Området det skal tippast på utgjør ca. 500-600 m².

Lover, føresegner, rundskriv

Plan- og bygningslova § 20-1

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Arealdelen av kommuneplanen, LNF-område

Vurdering og konklusjon

Bygdeutviklingssjefen har sett på det aktuelle området, som består av ei kløft med helling mot Suldalslågen, bratt terreng med ein del krattskog. Det er ein føresetnad ved utfylling at det i etterkant blir planert og tilsådd. Det er ikkje snakk om meir enn ca. 5-600 m². Det må evt. utførast på ein slik måte at det ikkje blir avrenning til lågen.

Bygdeutviklingssjefen meiner vedtaket er i tråd med føremålet i LNF-delen i kommuneplanen. Etter tilsåing vil området bli betre landbruksjord enn det er opphavelig.

Vedtak:

I medhald av delegert avgjerdsrett vedteke av Suldal kommunestyre den 19.03.2013, sak 17/13, gjer bygdeutviklingssjefen slikt vedtak:

Suldal kommune gir i medhald av § 20-1 i Plan- og bygningslova løyve til at det blir tippa ca. 1000 m3 jordmassar i påvist kløft på gnr. 101 bnr. 1 og 2 i samsvar med søknad dat. 03.09.14. Det er overskotsmassar frå Haugenfeltet på Eide. Det er eit vilkår for vedtaket at tippen blir planert og tilsådd i etterkant og at det blir sikra mot avrenning til lågen. Søkjar er KV-bygg Suldal AS på vegne av Ola Hauge og Jan Hallvard Møgedal, eigarar av gnr. 101 bnr. 1 og 2.

Dette vedtaket kan klagast inn for Fylkesmannen innan 3 veker. Klagen vert å senda Suldal kommune v/bygdeutviklingssjefen, Eidsvegen 7, 4230 Sand.

Sand, 04.09.2014
Med helsing

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Eli Torill Bergjord
konsulent

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan 3 år. Det same gjeld dersom tiltaket stoppar i lengre tid enn 2 år, jfr pbl § 21-9. Bygningen/tiltaket eller del av han må ikkje takast i bruk uten at ferdigattest er gitt, jfr § 21-10. Det må forast nødvendig kontroll, slik at tiltaket ikkje strir imot regel gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova. Dersom det blir skifte av tiltakshavar før tiltaket er fullført, skal det meldast til kommunen både av den som først hadde tiltaket og den nye. Det same gjeld ved skifte av eigar.

Vedtak gjort av kommunen kan klagast på til fylkesmannen, jfr pbl §1-9 og forvaltningslova kapVI.

Klagefristen er 3 veker rekna frå mottak av melding . Det er nok at klaga er postlagd innen fristen går ut. Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Den skal vere underskriven, vise til det vedtaket som klaga gjeld, den eller dei endringar som er ønskjande, og dei grunnane du vil byggje klaga på. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklårt for kommunen om du har klaga i rett tid, må du også gi opp når denne meldinga kom fram.

Forvaltningslova §§ 29-32 inneheld m. a. reglar om høve til å få utvide klagefristen og om rett til å klage på vedtaket i dei tilfelle klagefristen er gått ut.

Søksmål vedkomande gyldig vedtak eller krav om erstatning kan ikkje reisas før retten til å klaga er nytta og klagen er avgjort i høgaste klageinstans, jfr. Forvaltningslova §27b.



MESTERHUS

- det blir som avtalt

Suldal Kommune

Eidsvegen 7

4230 SAND

Deres ref.: Endre Gjil

Vår ref.: Bjarte

Dato: 31.10.2014

Rapport frå arbeid utført på Hauge:

Rapporten er laga saman med entreprenør som utførte fyllingsarbeidet,
Viser og til vedlagt kart skisse.

- Arbeidet blei utført med ein 20tons gravemaskin, den opererte i området som er markert som 1.
- Massane blei tippa i område 2. og fordelt jamt utøve tippen med gravemaskina
- Før arbeide blei starta så blei stikkrenna som kryssar vegen forlenga med eit røyr med diameter på 50cm, ca 12meter som vist på skisse, dette for og hindre at vassmassane skulle kunne grave i fyllinga.
- Mengde masse ca 1000m³
- Arbeide blei Utført frå 8.- 13 Oktober med opphald i arbeidet 11 og 12 oktober
13 oktober var det kunn noen få lass og finnpuss på kantane som blei utført før det raste ut på sida av fyllinga.

Kopi til:
Kon-Sul AS
v/ Reidar Blesvik

Med vennleg helsing
KV-bygg Suldal as

Bjarte Leirvik




Sandsveien 134, Garaneset, 4230 Sand Tlf. 52790630 Fax. 52790631



MESTERHUS

– det blir som avtalt

	KARTUTSNITT					
	Eiendom:	Gnr: 101	Bnr: 1-2	Fnr: 0		Snr: 0
	Adresse: Sandsvegen 188					
Hj.haver/Fester:		Hauge / Møgedal				
SULDAL KOMMUNE	Dato: 3/9-2014 Sign:				Målestokk 1:1000	



Det tas forbehold om at det kan forekomme feil på kartet, bl.a. gjelder dette eiendomsgrenser, ledninger/kabler, kummer m.m. som i forbindelse med prosjektering/anleggsarbeid må undersøkes nærmere.



Sandsveien 134, Garaneset, 4230 Sand Tlf. 52790630 Fax. 52790631

3

Sakspapir

Sakshandsamar
Torbjørn Guggedal

Arkiv
K2 - X53

ArkivsakID
14/1276

Saksnr	Utval	Dato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

RAS SULDALSLÅGEN - OPPFØLGING

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune løyver NOK 1 mill. til dekning av utgifter knytt til grunnundersøkingar og vurdering av tiltak knytt til rasområdet i Suldalslågen.

Utgiftene vert dekkja med overføring frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar

Fakta

Måndag 13.10 2014 gjekk det eit leir- og jordras i Suldalslågen, lokalisert til området nord for Garaneset på Sand i Suldal kommune. Raset hadde eit slikt omfang at NVE, Fylkesmannen i Rogaland og politiet vart varsla.




Suldal kommune gav løyve til å tippa overskotsmasse frå Haugen Bustadfelt i ei kløft på Hauge. Ein enkel søknad om terrengjustering vart motteken 3/9-14 og handsama 4/9-14. Det vart bede om rask handsaming då framdrifta av bustadfeltet kravde rask flytting av massane. Tiltaket vart vurdert til å vera eit enkelt landbrukstiltak og i samsvar med LNF-føremålet i kommuneplanen. Verken søkjar eller kommunen vurderte tiltaket som rasfarleg, men ein var oppteken av å hindra avrenning til Lågen. Søknaden vart dermed ikkje vurdert opp mot rapporten om grunntilhøva i Sandsområdet.

Rapport frå KV-bygg vedkomande arbeid utført på Hauge:

Rapporten er laga saman med entreprenør som utførte fyllingsarbeidet, Viser og til vedlagt kart skisse.

- Arbeidet blei utført med ein 20-tons gravemaskin, den opererte i området som er markert som 1.
- Massane blei tippa i område 2. og fordelt jamt utøve tippen med gravemaskina
- Før arbeide blei starta så blei stikkrenna som kryssar vegen forlenga med eit røyr med diameter på 50 cm, ca 12 meter som vist på skisse, dette for og hindre at vassmassane skulle kunne grave i fyllinga.
- Mengde masse ca 1000 m³
- Arbeidet blei utført frå 8.- 13 oktober med opphald i arbeidet 11 og 12 oktober 13 oktober var det kunn noen få lass og finnpuss på kantane som blei utført før det raste ut på sida av fyllinga



20.10.2014 var det innkalla til møte på Sand der NVE, Fylkesmannen, Statkraft, Politiet og Suldal kommune møtte. Statens vegvesen var òg invitert men møtte ikkje opp tross fleire forsøk på i koma i kontakt med rette vedkomande. I samband med møtet var det også synfaring til rasstaden.

Konklusjonen i møtet var at det måtte gjennomførast grunnboringar / geotekniske undersøkingar av rasstaden då den ligg i relativ nær avstand til Fv46, Sandsvegen. I tillegg skulle politiet sperra av rasstaden med sperreband og vegvesenet skulle anmodast om å setja ned fartsgrensa på rasstaden til 60 km/t. Statkraft vart anmoda om å avlysa planlagd spyleflaum i Suldalslågen, noko som også vart gjort. Kommunen ved brannvesenet har jevnleg tilsyn med rasområdet for å sjå etter sprekkdanningar eller andre teikn til ny rasutvikling.

Kommunen skulle koordinera dette arbeidet via innleigd konsulent, Reidar Blesvik frå KONSUL AS.

Grunnteknikk AS og Geostrøm AS vart engasjert som utførande i høve oppdraget med grunnboring og geotekniske vurderingar.

13.11.2014 inviterte kommunen til informasjonsmøte for bebruarane i området. Det vart gitt informasjon om faktiske tilhøve samt kva som var planlagt med omsyn til vidare undersøkingar. Det er kome gode tilbakemeldingar på dette møtet.

Resultata frå dei første geotekniske prøvane synte førekomst av kvikkleire i grunnen inn mot Fv46 og vidare mot bebygd område. Det vart av den grunn beslutta å utføra supplerande undersøkingar for å skaffa fram fleire fakta før vidare tiltak vert vurderte. Slike supplerande undersøkingar vart bestilt. NVE ved Marte Rødseth Kvakland og Harald Sakshaug og Statens vegvesen ved Alexander Øvrevik Slobodinski vart konsultert i dette arbeidet. Undersøkingane vart utført i veke 48.

Suldal kommune har gjennomført oppmåling av raset.

Det vart etter avtale med dei impliserte instansane innkalla til nytt møte på Sand 09.12.2014 for å drøfta vidare tiltak i saka. Her vart resultata av prøveboringane lagde fram og drøfta. Prøvane syner same mønster i store delar av området. Eit lag fastare massar øvst med kvikkleire i nivå med Lågen og nedover så langt ein har bora, om lag 50 meter ned. Laget med kvikkleire strekkjer seg innunder dei bebygde områda. Denne nye kunnskapen vil bli teken inn i arbeidet med kommuneplanen.

Dei innleigde konsulentane på grunnboring og analyse skal ha klar endeleg rapport i løpet av januar 2015. Det er tenkt at rapporten også skal ha med framlegg til tiltak i området. I vurderinga av tiltak skal Statens vegvesen, NVE og Suldal kommune v/ Blesvik konsulterast. Det er einigheit om at raset ikkje bør etterlatast slik det ligg nå utan tiltak i ei eller anna form.

Når rapporten er klar vil kommunen invitera til nytt informasjonsmøte for bebruarane i området.

Økonomiske konsekvensar

Det er ikkje budsjettert med midlar til denne type utgifter i budsjettet for 2014 eller 2015.

Vurdering og konklusjon

Suldal kommune har teke på seg koordineringsarbeidet og dekkja utgiftene så langt. Då rasområdet ligg nær Fv46, Sandsvegen vil det vera naturleg for Suldal kommune å dela utgiftene med Statens vegvesen / Rogaland fylkeskommune som vegeigarar. Kommunen har til nå vore oppteken av at arbeidet med undersøkingar skal gå kontinuerleg og å få fram fakta slik at ein kan vurdera eventuelle tiltak. Suldal kommune har gjennom brev varsla Statens vegvesen og Rogaland fylkeskommune om at kommunen vil krevja ei kostnadsfordeling av utgifter knytt til brunnboringar / geotekniske undersøkingar av raset i Suldalslågen lokalisert mellom elva og Fv46, Sandsvegen. Kommunen har ikkje motteke skriftleg svar på breva enno. Det vil bli laga eit oppsett over utgifter når ein har oversikt over utgiftene knytt til koordinering av arbeidet samt dei geotekniske undersøkingane og rapport i høve desse.


Kommunen vil også søkja dekning for utgifter hjå NVE og Statkraft. Sistnemnde på grunn av avlyst spyleflaum som dei tener på.

Kommunen vil også søkja Fylkesmannen i Rogaland om skjønnsmidlar med grunnlag i ekstraordinære utgifter knytt til denne rashendinga.

Utgiftene til grunnundersøkingar og innleigd konsulent er til nå om lag kr. 510.000. Det kan i tillegg koma utgifter på om lag tilsvarande før rapporten er ferdig. Dette gjeld siste del av grunnboringar, analyse av desse og ferdigstilling av rapport med framlegg til tiltak.

Rådmannen rår til at midlar til desse utgiftene vert teke frå disposisjonsfondet. Rådmannen rår til at NOK 1 mill. vert løyvd til dette føremålet.

Utgifter til eventuelle tiltak i rasområdet vil ein måtta koma attende til i eiga sak.



ARKITEKT & RÅDGJEVANDE INGENIØRKONTOR
KON-SUL AS
LABARHUSEVN. 5, 4230 SAND • TEL. 52790070 • POST@KON-SUL.NO

SULDAL KOMMUNE: GRUNNFORHOLD I SANDSOMRÅDET OVERSIKTSKARTLEGGING



Oppdragsnr. SK 11014

Kon-Sul AS
Sand, 10. juni 2014

Rapport: Reidar Blesvik <i>RB</i>	Kontroll: Inge Hoftun <i>IH</i>	Utg. 1	Dato: 10. juni 2014
-----------------------------------	---------------------------------	--------	---------------------

INNHALD

1. Bakgrunn

- 1.1 Innleiing
- 1.2 Formål og mandat
- 1.3 Utførte undersøkingar

2. Vurderingsgrunnlag

- 2.1 Aktuelle problemstillingar
- 2.2 Historikk, tidlegare hendingar
- 2.3 Omtale av datagrunnlag og datakjelder
- 2.4 Krav til sikkerhet mot ras og skred

3. Omtale og vurdering av grunntilhøva

- 3.1 Topografi og landskap
- 3.2 Lausmassar
- 3.3 Berggrunn
- 3.4 Potensielle risikoområde - rasfare og stabilitet
- 3.5 Andre risikofaktorar relatert til grunntilhøva

4. Konklusjonar

5. Referansar, kjelder

1. Bakgrunn

1.1 Innleiing


Alle norske kommunar er pålagte å utarbeide oversyn over lokale risiko- og sårbarhetsforhold. Dette inneber mellom anna eit ansvar for at arealplanlegging og byggesakshandsaming sikrar at det ikkje blir gjennomført tiltak i område der det er uakseptabel høg risiko for naturskader som ras, skred eller flaum.

1.2 Formål og mandat

Kon-Sul AS har fått i oppdrag av Suldal kommune å utarbeide ein rapport som omhandlar grunntilhøva og potensielle risikoområde knytt til rasfare i Sandsområdet. Rapporten skal vere ein del av ei overordna intern kommunal kartlegging av risiko og sårbarheit. Formålet med rapporten er vidare å samanstill eksisterande geoteknisk og geologisk informasjon som er tilgjengeleg gjennom tidlegare utførte undersøkingar og gjennom offentlege databaser. På grunnlag av dette materialet skal rapporten prøve å identifisere potensielle risikoområde med omsyn til ras-, skredfare eller liknande problemstillingar. Dette vil vere nyttig i samband med nye utbyggingstiltak, men også med sikte på registrering av eventuelle område der det pr. i dag kan vere uakseptabel høg risiko for ras eller skred, og kor det eventuelt bør utførast nærare undersøkingar eller sikringstiltak.

Tematisk er oppdraget avgrensa til å gjelde geotekniske, geologiske og topografiske problemstillingar med fokus på rasfare og stabilitet av grunnen. Når det gjeld flaumfare, stormflo og havnivåstigning, er dette aktuelt for områda nær Suldalslågen og for dei sjønære og lågast liggande areala på Sand/Eide. Desse temaene er ikkje vurdert nærare i denne rapporten. Konsekvensane av havnivåstigning og stormflo for sjønære område på Sand er omtala i ROS-analysen som blei utarbeida i samband med reguleringsplanen for Sand sentrum. Den geografiske avgrensinga av området som skal omtalast i rapporten er definert av oppdragsgjevar. Området gjeld Sand og Sandsbygda med nærliggande naturområde, avgrensa mot aust omlag ved Bergekrossen, jfr. fig. 1.

Fig. 1 Kartutsnitt som viser grov avgrensing av undersøkt område



1.3 Utførte undersøkingar

Dei vurderingane og analysene som går fram av rapporten, er dels baserte på tolkning av eksisterande informasjon som ligg føre frå tidlegare grunnundersøkingar i samband med konkrete byggeprosjekt, dels frå offentlege databaser og dels frå generell kunnskap om dei lokale forholda. Det ikkje utført fysiske grunnundersøkingar i samband med denne rapporten.

2. Vurderingsgrunnlag

2.1 Aktuelle problemstillingar

Det er drøfta ein del typiske naturrelaterte risikofaktorar som kan føre til uønska konsekvensar for bygningar, anlegg, infrastruktur eller annan sårbar arealbruk. I utgangspunktet kan følgjande problemstillingar vere relevante i større eller mindre grad:

- Ras, skred og steinsprang frå høgareliggende terreng (lausmassar, stein, snø- og sørpeskred)
- Utglidningar i grunnen (jord- og leirskred, annan ustabil grunn)
- Setningar i grunnen
- Erosjon langs bekkar, vassdrag og dreneringsvegar

I tillegg til desse temaene, vil det også vere av interesse å kartlegge område som kan vere utsette for flaum i vassdrag. NVE har utarbeida flaumsonekart for Suldalslågen. Kommunen vil behandle flaumfare i Suldalslågen som eige tema knytt til utarbeiding av ein overordna beredskapsplan. Flaumfare eller kartlegging av flaumsoner er difor ikkje nærare vurdert eller omtala her.

Dei problemstillingane som det er peika på ovanfor, er dels knytt til kor tiltak blir lokalisert, men også i stor grad til kva for inngrep tiltaka vil innebere. Det er fleire typer av tiltak og inngrep som kan påverke stabiliteten av grunnen i negativ retning. Dei mest typiske situasjonane kan oppsummerast slik:

- graving, sprengning, utfylling, peling, spunting
- påføring av tilleggsbelastningar på terreng
- endring av dreneringsvegar og grunnvassstilhøve som følgje av utbyggingstiltak
- endring av arealdisponering

Dette er i hovudsak fysiske inngrep som er eit resultat av planlagte tiltak. Risikoen for uønska hendingar har ikkje berre samanheng med gjennomføring av nye tiltak som kan endre stabilitetstilhøva. I dei seinare åra har det blitt stadig større fokus på at klimaendringar og ekstremvær kan gi auka risiko for ras, skred og flaum i område som tidlegare har vore rekna som trygge.

Generelt sett kan det dessutan finnast område som er utsett for uakseptabel ras- eller skredfare sjølv om det ikkje blir gjennomført tiltak eller endringar. Dette kan til dømes gjelde bygningar som er plasserte nær inntil rasfarlege fjellskrentar, eller

utbygde område som har marginal stabilitet grunna førekomstar av kvikkleire. Det er fleire døme på slike situasjonar andre stader i landet. Nokre stader er det sett i verk tiltak for å auke tryggleiken til eit akseptabelt nivå.

Ut i frå eit beredskapsomsyn, vil det vere ønskjeleg for kommunen å få kartlagt eventuelle område som pr. i dag ikkje har tilfredstillande tryggleik.

2.2 Historikk, tidlegare hendingar

I samband med kartlegging av risikoområde vil ein ofte ta utgangspunkt i kjente episodar, enten dei er av nyare dato eller er omtala i historiske kjelder. Etter det vi kjenner til, har det ikkje vore hendingar som har ført til tap av menneskeliv i det aktuelle området.

På 1920-talet gjekk det eit lausmaseskred ved Eide like ovanom arbeidskulen. Denne hendinga var eit resultat av inngrep der ein bekk blei lagd i røyr som viste seg å ha for liten kapasitet.

Ellers er det kjent at det stadvis er vanskelege grunnforhold i skråningane frå Nordenden opp mot Haugen på Sand. Dette er lausmasseterreng der stabilitetstilhøva stadvis er marginale.

Vidare har det har vore einskilde tilfelle av mindre steinsprang i nærleiken av vegar og fortau. Skogsbilvegen mellom Kløv og Stegåsen har fleire gonger vore utsett for større steinsprang.

Tilfelle av mindre, lokale utglidningar i lausmassar er kjente mellom anna i skråningane frå Kvednabekkjen opp mot Berge.

2.3 Omtale av datagrunnlag og datakjelder

Suldal kommune har vore tiltakshavar for ei rekke bygge- og anleggsprosjekt innanfor det aktuelle området. Ved fleire av desse prosjekta har det vore naudsynt å gjere grunnundersøkingar for å verifisere stabiliteten av byggegrunnen, og som grunnlag for å kunne velje fundamenteringsløyisingar.

I tillegg er det utført undersøkingar for ulike prosjekt i regi av Statens vegvesen og Rogaland Fylkeskommune.

I kap. 3.4 er det vist eit oversyn over område/prosjekt som er undersøkt tidlegare.

I databasen Skrednett.no som er gitt ut i regi av NVE, kan ein finne såkalla aktsomhetskart som viser potensielle rasfarlege område. Aktsomhetskarta er utarbeida ved bruk av datamodellar som analyserer kor terrenget er bratt nok til at snøskred og/eller steinsprang teoretisk kan bli løyste ut. Modellane rekner og ut teoretisk utløpsdistanse for snøskred og steinsprang. Aktsomhetskarta kan vanlegvis ikkje nyttast direkte for å avgjere om rasfaren i eit bestemt område er større eller

mindre enn krava i plan- og bygningsloven. I konkrete utbyggingssaker må det gjerast meir detaljerte undersøkingar i dei potensielt rasutsette områda.

NGU har databaser som gir opplysningar om berggrunn og lausmassar. Andre databasar som gir opplysningar om arealbruk og naturtilhøve er Temakart Rogaland, Arealis, m.v.

2.4 Krav til sikkerhet mot ras og skred

I plan- og bygningslova sine bestemmelser er krava til sikkerhet mot ras m.v. knytt til at den årlege nominelle sannsynlegheita for slike hendingar ikkje skal overstige bestemte nivå for ulike sikkerhetsklassar.

Begrepet «nominell sannsynlighet» blir nytta med utgangspunkt i at det ikkje kan settast krav til at sannsynlegheita for ras og skred skal reknast ut eksakt. Vurderingane av sannsynlegheit må ta utgangspunkt i historiske hendingar, feltkartlegging, reknemodellar og fagleg skjønn og erfaring.

Byggteknisk forskrift § 7.3 set følgjande krav til største nominelle årlege sannsynlegheit for ulike sikkerhetsklasser ved plassering av byggverk i skredfareområde:

Tabell 1. Sikkerhetsklasser for skred m.v.

Sikkerhetsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsynlighet
S1 T.d. garasjar , båtnaust, boder, lagerskur med lite personopphald og mindre brygger for sport og fritid.	liten	1/100
S2 T.d. einebustad, tomannsbustad, fritidsbustad med inntil to bueiningar, små bygg for næringsdrift, mindre driftsbygningar i landbruket, samt mindre kaier og havneanlegg.	middels	1/1000
S3 T.d. kjede/rekkehus med tre einingar eller meir, bustadblokker, brakkeriggjar, næringsbygg, større driftsbygningar, skular, barnehagar, lokale beredskapsinstitusjonar, overnattingsstader og publikumsbygg	stor	1/5000

I konkrete byggesaker er det kommunen som skal fastsette kva for sikkerhetsklasse tiltaket skal plasserast i. Kravet til sikkerhet for tilhøyrande uteareal til bygningar som blir omfatta av sikkerhetsklasse S2 kan iflg. VTEK 10 reduserast til sikkerhetsnivået som er vist for sikkerhetsklasse S1 (1/100). Tilsvarende kan uteareal til bygningar i sikkerhetsklasse S3 reduserast til sikkerhetsnivået som gjeld for sikkerhetsklasse S2 (1/1000).

3. Omtale og vurdering av grunntilhøva

3.1 Topografi og landskap

Sandsområdet er prega av dalføret langs Suldalslågen der det hovudsakleg er lausmassar, og åsryggane Maleniusåsen-Randåsen-Preståsen der det hovudsakleg er snaufjell. Nord og aust for åsane ligg området Eidsvika-Eide med kupert lausmasselandskap. På begge sider av dalføret stig terrenget i skogkledde åsar opp til fleire hundre meter høgde.


Elveslettene og lausmasselandskapa er dels beite og dyrka mark, dels bustadområde og dels industriområde og infrastruktur. Maleniusåsen-Randåsen-Preståsen er for ein stor del bygd ut med bustader.

3.2 Lausmassar

Dalføret nær Suldalslågen er prega av elveavsetningar med sand og grus i overflata. Under den marine grensa (det høgaste nivået som havet sto etter istida) er det førekomstar av marine avsetningar som leire og silt. Den marine grensa i Sandsområdet ligg om lag på kote 65 moh +/- 5 m.

I området frå Eidsvika mot Sand skule er det kupert ravinelandskap med mykje silt i overflata. Vidare mot sjøen ved Eide er det morene som dominerer, men det er innslag av leire, silt og sand/grus.

Fig. 2 NGU Lausmassekart



På lausmassekartet er leire/silt merka som *Hav- og strandavsetning*. Marin leire kan være dekket av andre avsetninger, som marin strandavsetning, elvegrus eller myr. Lausmassekartet er basert på kartlegging i overflata. I område med elveavsetninger i overflata er det ofte marine avsetninger i varierende dyp under overflata. Dette vil ofte gjelde i område der kartet viser finkorna, marine avsetninger som grenser opp til yngre elveavsetninger.

For å få nærmere informasjon om grunn- og stabilitetstilhøva i slike område, må det som regel utføres fysiske grunnundersøkingar i dypna.

Teiknforklaring (NGU)

Løsmasser

(forenklet teiknforklaring)

-  Tynn morene
-  Tykk morene
-  Randmorene
-  Breelvavsetning
-  Bresjø-/innsjøavsetning
-  Tynn hav-/strandavsetning
-  Tykk havavsetning
-  Marin strandavsetning
-  Elveavsetning
-  Vindavsetning
-  Forvittringsmateriale
-  Skredmateriale
-  Steinbreavsetning
-  Torv og myr
-  Tynt humus-/torvdekke
-  Fyllmasse
-  Bart fjell, stedvis tynt dekke

3.3 Berggrunn

Berggrunnsgeologien i dei lågareliggende delane av Sandsområdet er i følge NGU sine berggrunnskart grunnfjellsbergartar som i hovudsak består av porfyrisk kvartsdioritt, dioritt, gneis og migmatitt.


3.4 Potensielle risikoområde - rasfare og stabilitet

Etter det vi kjenner til, er det ikkje tidlegare utført generelle vurderingar eller undersøkingar i Sandsområdet, der målet har vore å identifisere område der det kan vere potensiell rasfare eller stabilitetsproblem.

Dei landsdekkande aktsomhetskarta som viser risikoområde for snøskred og steinsprang, kan vere eit godt utgangspunkt for å lokalisere potensielle fareområde. Desse karta er utarbeida ved bruk av datamodellar, og det er ikkje gjort feltarbeid ved utarbeiding av karta. Vidare er effekten av lokale faktorar ikkje vurdert. Aktsomhetskarta seier ingenting om kor stor sannsynlegheiten er for at steinsprang eller snøskred skal forekomme i eit bestemt område.


Temaet for aktsomhetskarta er potensiell rasfare (steinsprang og snøskred) frå høgareliggende, bratt terreng. Stabiliteten av grunnen er generelt ikkje kartlagt, utanom serskilte problemområde t.d. på austlandet og i Trøndelag, der det er førekomstar av kvikkleire i bebygde område.

Fig 3. Aktsomhetskart, steinsprang, (Skrednett.no)



Mørk skravur viser pot. utløysingsområde / lys skravur viser pot. utløpsområde

Fig 4. Aktsomhetskart, snøskred, (Skrednett.no)



Mørk skravur viser pot. utløysingsområde / lys skravur viser pot. utløpsområde

I følge aktsomhetskarta som det er vist utsnitt av i fig. 3 og 4, ligg delar av det undersøkte området innanfor potensielle utløysings- og utløpsområde for snøskred og steinsprang.

Som tidlegare nevnt kan ikkje aktsomhetskarta nyttast direkte til å avgjere om eit område er utsett for reell risiko som er høgare enn krava i pbl, jfr. tabell 1. På den andre sida kan det førekome mindre, lokale rasfarlege skrentar som ikkje blir fanga opp i kartlegginga.

Med unntak av delar av naturområda i heiane utanfor busetnadene, er det få og små areal som er registrert som potensielt rasfarlege innanfor det undersøkte området.

Snøskred, sørpeskred

Dei lokale klimatiske og topografiske forholda, med sjønær lokalisering og låg høgde over havet, tilseier at snøskred i utgangspunktet ikkje utgjer ein vesentleg risiko innanfor det vurderte området. Ved store snøfall vil det kunne forekomme lokale, mindre utglidningar av snø frå einskilde bratte fjellskrentar. Dette utgjer ingen vesentleg risiko for personskader eller for større materielle skader.

Dei viktigaste faktorane som er avgjerande for om det finst snøskredfare, er knytt til topografi, vegetasjon og klima. Vi kjenner ikkje til at har vore snø- eller sørpeskred i det aktuelle området. Skredfarevurderinga etter TEK 10 §7-3 skal likevel legge til grunn ekstreme forhold, og som ikkje nødvendigvis er kjent frå tidlegare episodar.

Området har ei årleg middelnedbør på om lag 2000 mm. Det bør leggst til grunn at den framtidige nedbørmengden vil auke. Estimata for kor stor auken kan bli, varierer mellom 5 og 50% for ulike delar av landet og for ulike scenarier. Det milde klimaet som er typisk for sjønære deler av Ryfylke, tilseier at det sjeldan kjem større snømengder som blir liggande lenge i desse områda. Det er likevel stor usikkerhet knytt til framtidig klimaendring og temperatur. Sjølv om den gjennomsnittlege temperaturen er forventa å stige, kan lokale endringar i versystemene gjere at nokre område blir kaldare.

Den dominerande nedbørførande vindretninga er mellom sør og vest. Vanlegvis vil nedbøren som følgjer vind frå denne sektoren være regn, også i vintermånadene. Nedbør som følgjer vind frå nord-nordvest vil oftare kunne komme som snø vinterstid, men det er uvanleg med store nedbørmengder med denne vindretninga.

For at større snøskred skal kunne bli løyst ut, må det magasinerast ei vesentleg snødjupne, og i tillegg må snøen bli liggande tilstrekkeleg lenge til at det kan dannast svakhetslag ved krystallasjon i snøprofilet. Dei klimatiske og topografiske forholda i Sandsområdet er ikkje typiske for område som er utsett for snøskredaktivitet.

Sørpeskred kan oppstå i situasjonar med rask temperaturstigning kombinert med mykje regn når det allereide finst vesentlege snømengder i terrenget. Sørpeskred er vanligvis knytt til naturlege dreneringsveggar i terrenget.

Etter vår oppfatning finst det ikkje busetnad innanfor det undersøkte området som er eksponert for høgare risiko for snøskred eller sørpeskred enn det som går fram av krava til sikkerheit i byggteknisk forskrift.

Steinsprang

Bratte fjellskrentar kan vere opphav til steinsprang. I høve til eksisterande busetnad er denne problemstillinga lite aktuell. Etter vår oppfatning finst det ikkje busetnad innanfor det undersøkte området som er eksponert for høgare risiko for steinsprang enn det som går fram av krava til sikkerheit i byggteknisk forskrift. Nye byggjetiltak som blir planlagt i nærliken av bratte fjellskrentar bør vurderast i høve til faren for steinsprang.

Einskilde vegar innanfor området kan vere utsette for steinsprang frå skjeringar eller naturlege skrentar. Dette kan også gjelde gang- og sykkelvegar. Det kan vurderast om kommunen bør gjennomføre ei nærare kartlegging av slike lokalitetar, med sikte på å avklare eventuelt behov for tiltak.

Grunntilhøve, lausmassar

I grove trekk har ein godt oversyn over korleis lausmassefordelinga er i Sandsområdet. I kartutsnittet i fig. 5 er det teikna inn stader der det er gjort grunnundersøkingar i regi av Suldal kommune, Statens vegvesen og Rogaland Fylkeskommune.

I tillegg til det meir generelle lausmassekartet, gir desse undersøkingane mykje informasjon om grunntilhøva i ulike delar av området.

Fig. 5. Lokalisering av grunnundersøkingar

1. Sentrumsbygget
2. Bekkjatorget
3. Kulturhuset
4. Sand sentrum
5. Bjødnateigen
6. Bakkadn
7. Haugen
8. Suldalshallen
9. Sandvolleyhallen
10. Joagarden
11. Haugen
12. Vidareg. skule
13. Eidssjøen
14. Litlehaga bru
15. Tjelmane bru



Gjennom tidlegare grunnundersøkingar som er utførte i regi av Statens vegvesen, i samband med ny Tjelmane bru og ny Litlehaga bru, blei det registrert førekomst av kvikkleire i djupare lag under elvegrusen. Kvikkleire er marin leire der saltinnhaldet i kornstrukturen har blitt vaska ut etter landhevinga etter istida. Typisk for kvikkleire er at den kan miste fastheten ved ytre påkjenningar, og kan då bli nær flytande.

I utgangspunktet må ein rekne med at dei områda som er dekkja av havavsetningar eller elveavsetningar kan ha ustabile massar i overflata eller i djupna. Nye terrenginngrep eller byggjetiltak i desse områda bør vurderast i høve til om tiltaka kan påverke stabiliteten.

Skråningar som har helningsvinkel brattare enn omlag 30° kan vere ustabile dersom det er lausmassar i grunnen. Dersom lausmassane er leirhaldige, kan skråningane vere ustabile med vesentleg mindre helningsvinkel. Terrenginngrep og/eller nye byggjetiltak i slike område bør avklarast spesielt med omsyn til grunnforholda. Dette gjeld lausmasseskråningane opp mot Hauen på Sand, i delar av Dalane, Eide, Eidsvika, Kløv/Træet og Haa/Berge.

3.5 Andre problemstillinger relatert til grunntilhøva

Setningar

Ein vanleg problemstilling ved byggetiltak på lausmassar, er om det er risiko for setningar. Dette er i første rekke ei sak som må avklarast i samband med oppføring av bygningar og val av fundamenteringsløyser. Problemstillinga er også aktuell i høve til infrastruktur som vegar og leidningar for kloakk/spillvatn og overvatn.

Utlekking av fyllingar på eksisterande lausmassar vil innebere ei tilleggslast på grunnen. Dette kan utløyse setningar som kan utvikle seg over lang tid, og som kan vere opphav til betydelege skader på infrastruktur og bygningar.

Setningar kan også vere eit resultat av inngrep eller tiltak som inneber senking av grunnvassnivået i lausmassar.

Erosjon

Erosjon kan vere ein risikofaktor der det renn bekkar eller elver gjennom lausmassar. Eventuelle effektar av erosjon langs Suldalslågen er nær knytt til flaumvassføring og er ikkje tema her, jfr. kap. 1.2.

Det finst fleire bekkar som renn gjennom lausmasseområde, og som kan ha eit potensiale for erosjon. Ein typisk situasjon er at bekken gjennom lang tid har erodert seg ned gjennom lausmassane slik at sidene på bekkeløpet er bratte og med marginal stabilitet. Vidare erosjon i djupna eller i sidene av bekkeløpet vil kunne utløyse ras eller skred. Dette kan utgjere ein risiko for nærliggande omgjevnader. Vidare kan slike ras føre til blokkering av elveløpet og at vatnet finn nye vegar, med overfløyming og ytterlegare erosjon som resultat.

Inngrep i vegetasjonen langs bekkar kan også føre til auka fare for erosjon ved at den stabiliserande effekten av rotstrukturen kan blir redusert.

Område der erosjon kan vere ei aktuell problemstilling:

- Kjeadalen, Eide
- Kvednabekken, Berge - Gåsavika
- Eidsvika
- Kløv/Træet
- Rallarbekken

I nokre tilfelle vil situasjonen vere stabil ved at finstoff er vaska ut og grovare fraksjonar ligg att som ei naturleg plastring av elveløpet. I andre høve er erosjon ein pågåande prosess som blir utløyst ved ekstreme nedbørsituasjonar, eventuelt kombinert med snøsmelting.

Revurdering av ledige byggetomter

Kommunen har reist spørsmålet om det finst attverande kommunale tomter som bør takast ut i frå planane på grunnlag av eventuell rasfare eller vanskelege grunnforhold.

Kommunen har ansvaret for at kommunale tomter i regulerte bustadfelt ikkje er rasfarlege. Som utgangspunkt bør slike tomter kunne nyttast til bustadbygging utan at huseigar sjølv må gjennomføre grunnundersøkingar for å dokumentere at tomte oppfyller krava til sikkerhet i pbl, og utan at han sjølv må koste serskilte tiltak dersom sikkerheten ikkje er tilfredsstillande.

Det finst einskilte kommunale tomter i Eidssjøen og Eidsbakkane bustadfelt som ligg i relativt bratt lausmasseterreng. Slik vi vurderer det, er det ikkje grunnlag for å tru at stabilitetstilhøva pr. i dag ikkje er akseptable, men for å kunne utnytte tomtene til bygging må det gjennomførast inngrep med skjeringar og fyllingar. Dette kan føre til ei svekking av stabiliteten og kan utgjere ein risiko for tiltaket i seg sjølv, men også for eventuelle nabotomter og eksisterande bustader og infrastruktur ovanfor og nedanfor. Det kan i nokre tilfelle vere behov for omfattande og kostbare grunnundersøkingar, geoteknisk prosjektering og spesielle fundamenteringsløysingar for å bygge på desse tomtene. Her kan det vere eit alternativ å omregulere dei aktuelle tomtene til andre formål enn bustadtomter.

4. Konklusjonar

Undersøkinga har ikkje avdekka at det skulle vere behov for sikringstiltak eller nærare grunnundersøkingar slik situasjonen er pr. i dag.

Det er likevel grunnlag for å kunne peike ut potensielle problemområde når det gjeld rasfare og stabilitet av byggegrunnen, jfr. omtale i kap. 3.4 og 3.5.

Innanfor desse områda bør det utførast geotekniske vurderingar i samband med eventuelle konkrete byggesaker eller andre terrengmessige inngrep. Tiltak som inneber graving, fylling, endring av drenering, grunnvatn og bekkeløp m.v. kan i utgangspunktet påverke stabilitetstilhøva i negativ retning.

Ved planlegging av nye tiltak innanfor nærare omtala areal, vil det vere behov for grundigare undersøkingar. Avhengig av kor tiltaket er lokalisert og kva det inneber av terrenginngrep, kan det vere aktuelt med grunnundersøkingar, rasfarevurderingar og geoteknisk prosjektering.

5. Referansar, kjelder

Statens vegvesen, Veglaboratoriet: RV. 46 Provisorisk ferjeleie, Sand, grunnundersøkelser. Rapport nr. 2, 5. august 1980, Vegdirektoratet, Veglaboratoriet: RV. 46 Sand ferjeleie Grunn- og fundamenteringsforhold. rapport nr. 3, 24. januar 1984

Statens vegvesen: Grunnundersøkelser i samband med ny Tjelmane bru og ny Littlehaga bru. Rapport ID ukjent.

Noteby A/S: Veg til Eidssjøen, Grunnundersøkelser og geoteknisk vurdering. Rapport 27001-1 11. november 1982

Agder Geoteknikk A/S: Grunnundersøkelser Dalane, 1994

Noteby A/S: Suldal kommune. Nytt kulturhus Sand. Grunnundersøkelser, grunnforhold. Rapport 55144-1 15.juni 1998

Noteby A/S: Suldal kommune, Einersbakken, Notat 1-99 14. april 1999

Noteby AS /Multiconsult: Sentrumsbygg, Sand: Grunnforhold, fundamentering, Rapport nr. 500248-1, 28. august 2000

Multiconsult AS: Suldal kommune, Sandvolleyballhall på Sand. Grunnundersøkelser. Grunnforhold. Fundamentering. Rapport 214208 -1 23. februar 2009

Multiconsult AS: Suldal kommune, Sand torg. Grunnundersøkelser. Grunnforhold. Geoteknisk vurdering. Rapport nr. 214558-1, 4. august 2009


Kon-Sul AS: Barnehage Joagarden. Notat vedk. grunntilhøva 14.03.2000

Kon-Sul AS: Reguleringsplan Sand sentrum. Notat vedk. grunntilhøva, 3. mai 2012

Temakart Rogaland: Diverse kartdatabaser

NGU: kartdatabaser løsmasser og berggrunn

NVE: Skredatlas/skrednett.no



Kontrollutvalet i Suldal

Statusoversikt februar 2015

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	150 timar	Prosjektmandat er ferdig	Hausten 2015	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet


Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Arbeidsgjevarepolitikk	21.11.13	19.06.14	KST 09.09.14	29.04.15	150 timar
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	KST 04.02.14	11.02.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15			200 timar
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	25.04.12	14.11.12	KST 29.01.13		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	KST 18.06.13	13.02.14	150 timar
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	KST 19.03.13	21.11.13	
Plan for selskapskontroll 2012-2016		14.11.12	KST 29.01.13		
Andre saker					

Haugaland 1
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 23.01.15
Journalført: 15/028/ogh
Arkivkode: 232

VEDLEGG SAK 2/15, pkt. 4



Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune

Innhald

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval.....	4
2. Skatterekneskapen.....	4
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....	4
2.2 Margin.....	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013.....	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014.....	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga.....	5
3. Innkrevjing av krav.....	6
3.1 Restanseutvikling.....	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav.....	6
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	7
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år.....	7
3.2 Innkrevjinga si effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014.....	7
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....	7
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve.....	7
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgjevarkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	8
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	8
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen.....	8
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	9
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak.....	9

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	1,3	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,3	23,0 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,5	38,5 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,3	23,0 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	-	- %
Skatteutval	-	- %
Administrasjon	0,2	15,5 %
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100,0 %

1.1.2 Organisering

Det har i 2014 vore skifte av tilsett i 80% stilling innan fagområdet skatt. Den tidlegare tilsette har forsett i 20% av stillinga, og ein har i stor grad nytt denne til opplæring av nytilsett. Arbeidet innan skatt og innfordring har i stor grad blitt utført av desse to. Kontoret har fleire personer som kan utføra oppgåver med betaling og bank.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Situasjonen med ressursbruk og kompetanse innan skatteområdet er tilfredstillande.

Arbeidsgjevarkontrollen har tilstrekkelig med ressursar, og kontrollgraden er innanfor normene.

1.2 Internkontroll

Det er utarbeid rutineskildring, plan for verksemda og dokumentasjon av internkontroll for kontoret.

Det er utarbeid rutineskildring for dei fleste områda i Sofie, dette arbeidet fortsetter i 2015.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Sum total skatteinngang år 2014	kr 511 335 723
Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2013	<u>kr 507 946 998</u>
Differanse – meir inngang i 2014 enn 2013	<u>kr 3 388 725</u>

Auken fordeler seg slik:

Arbeidsgivaravgift	auke	kr 4,28 mill
Personlege skattytarar	auke	kr 7,39 mill
Selskapsskatt	nedgong	- kr 8,19 mill
Renter/innfordring	nedgong	- kr 0,09 mill

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen 2014	kr 128 925 512
Kommunen sin del av skatteinngangen år 2013	<u>kr 129 669 725</u>
Differanse - mindre inngong i 2014 enn 2013	<u>kr 744 213</u>

Nedgongen fordeler seg slik:

Etterskotspliktige (nedgong)	kr 2,5 mill
Forskotspliktige (auke)	kr 1,8 mill

1.4 Skatteutval

Det var ingen saker til skatteutvalet i 2014.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er motteke / ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

Årsrekneskapen for 2014 følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014	kr	0
For lite avsett margin for inntektsåret 2013	kr	2 128 527

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: mars 2006

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014	kr	26 210 342
Gjeldande prosentats marginavsetning: 10% . Gyldig frå: mars 2006		

2.2.3 Kommenterarar til marginavsetninga

Marginavsetninga er tilfredsstillande.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	2 983 382	427 382	3 024 799	160 154	-41 417	+267 071
Arbeidsgjevaravgift	5 076		52 502		-47 426	
Artistskatt						
Forseinkingsrenter	281 585	103 398	252 387	87 323	+29 198	+16 075
Forskotsskatt						
Forskotsskatt person	520 313	9 044	706 682	9 044	-186 369	0
Forskotstrekk	9 334		12 518		-3 184	
Gebyr						
Innkrevjingsinntekter	44 362	15 491	35 763	6 723	+8 599	+8 768
Inntekt av summarisk fellesoppgjør						
Kildeskatt						
Restskatt	197 668		257 335		-59 667	
Restskatt person	1 925 044	299 292	1 707 612	57 064	+217 432	+242 228
Sum restanse diverse krav						
Diverse krav						
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	2 983 382	427 225	3 024 799	160 154	-41 417	+267 071

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det er ein total nedgong i restansane frå 31.12.13 til 31.12.14 på om lag kr 160 000. Restansen vedr. restskatt person har auka med om lag kr 217 000, og forskotsskatt person har gått ned med om lag kr 186 000.

Restansen på restskatt (upersonlege) er krav i 2 konkursbo.

Det er ein auke i utlikna skatt frå kr 263,1 mill for inntektsåret 2012 til kr 284,9 mill for 2013. Restskatten for 2013 var om lag kr 173 000 lågare enn restskatten for 2012.

Det er ei endring i berostilte krav på kr 267 000. Vi har hatt ein grundig gjennomgong av eldre krav og fått berostilt det som ikkje er mogleg å innfordre.

Det er avskrive krav på totalt kr 73 821.

Av dette er krav på kr 62 123 i arbeidsgjevaravgift og forseinkingsrenter i 2 konkursbo. 4 krav på til saman 6 065 er krav på utenlandske skattytere som det ikkje er mogleg å krevja inn.

Det er føreteke nedsetjing av pensjonsgivande inntekt som har ført til nedskriving av skatt med kr 5633.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	291 160	94 601
2011	281 642	176 010
2010	7 280	2 507
2009 – 19xx	1 229 027	-----

3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Kommentar til restansar for eldre år:

Forelda krav pr. 31.12.2014: 1 krav

Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2014: kr 251.

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Restanselista blir gjennomgått jevnlig for å sjå om det er tiltak som kan setjast i verk på dei sakene vi ikkje har tiltak. I 2014 har vi hatt ein grundig gjennomgang av krav og dei som ikkje er mogleg å innfordre er søkt om å få berostille.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014

Resultatkravet for restskatt 2012 var 97,5 %, mens vi oppnådde 99,23 %.

For innfordra restskatt var resultatkravet 70%, mens vi oppnådde 80,42 %.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det er ikkje gjort betalingsavtalar i 2014, ikkje i 2013 heller.

Det er halde 2 utleggsforretningar i 2013, begge to med resultat "utlegg tatt".

Det er gjennomført 13 utleggstrekk i 2014 mot 17 i 2013.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det har ikkje vore spesielle forhold i rekneskapsåret som treng særskild omtale.

3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren har ikkje konkrete tiltak for å betre effektiviteten i innfordringa, men me prøver alltid å bli meir effektive.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Suldal nyttar seg fullt ut av særnamskompetansen.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Suldal er med i Haugaland interkommunale arbeidsgivarkontroll som består av kommunane Bokn, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Haugesund og Karmøy. Ordninga består av 5,6 (5,6 i 2013) stillingar der Suldal har ein stillingsandel på 0,3 årsverk.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2014: 10

Som utgjør: 5,2 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2014: 10

Som utgjør: 5,2 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2013: 11

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er avdekka mindre beløp i 6 av 10 kontrollar. Arbeidsgiveravgiftsgrunnlaget er auka med kr 226 355.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Tall på kontrollar er på eit tilfredstillande nivå. Ei systematisk kontrollverksemd gjennom fleire år, kan synas å gje resultat i form av preventiv verknad.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det er ikkje gjennomført særskilde aksjonar i 2014.

4.6 Gjennomførde informasjonstiltak

Det er gjeve informasjon i samband med gjennomgang av ettersynet med arbeidsgjevarane.

Stad / dato: Sand, 20.01.2014



Arnfinn Gundersen
Skatteoppkrevjar



Mirela Moe
Fagansvarleg Skatt og innkrevjing

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2014 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap for Suldal kommune 2014
Avlagt etter kontantprinsippet

		2014	2013
1	Likvider	23 251 342,88	27 603 381,88
	Skyldig skattekreditorene	3 028 757,59	-1 748 800,41
	Skyldig andre	-69 756,00	-72 605,00
	Innestående margin	-26 210 342,00	-25 781 974,00
	Udisponert resultat	-2,47	-2,47
Sum		0,00	0,00
2	Arbeidsgiveravgift	-79 310 677,00	-75 030 282,00
	Personlige skatteyttere	-287 642 308,95	-280 248 054,42
	Selskapsskatt	-144 503 170,95	-152 701 080,29
	Renter	120 939,90	26 826,71
	Innfordring	-505,99	5 591,64
Sum		-511 335 722,99	-507 946 998,36
3	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	79 310 677,00	75 030 282,00
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	83 742 486,00	75 706 950,00
	Fordelt til Fylkeskommunen	26 162 009,00	26 594 753,00
	Fordelt til kommunen	128 925 511,99	129 669 725,36
	Fordelt til Staten	193 195 039,00	200 945 288,00
	Krav som er ufordelt	0,00	0,00
	Videresending plassering mellom kommuner	0,00	0,00
Sum		511 335 722,99	507 946 998,36
Sum totalt		0,00	0,00

20.01.2014


Arntfinn Gundersen
Skatteoppkrevjar


Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1134', År : '2014', Hovedbokstype : 'K'

Suldal 1134

	Valgt år	Forrige år
Likvider	23 251 343	27 603 382
Skyldig skattekreditorene	3 028 758	-1 748 800
Skyldig andre	-69 756	-72 605
Innestående margin	-26 210 342	-25 781 974
Udisponert resultat	-2	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-79 310 677	-75 030 282
Personlige skatteyttere	-287 642 309	-280 248 054
Selskapsskatt	-144 503 171	-152 701 080
Renter	120 940	26 827
Innfordring	-506	5 592
Sum	-511 335 723	-507 946 998
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	79 310 677	75 030 282
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	83 742 486	75 706 950
Fordelt til Fylkeskommunen	26 162 009	26 594 753
Fordelt til kommunen	128 925 512	129 669 725
Fordelt til Staten	193 195 039	200 945 288
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum	511 335 723	507 946 998
Sum totalt	0	0

20/1-2015



Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

Onsdag 4. februar

Møteleder: Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Registrering og kaffe/rundstykke / utstilling

VEDLEGG SAK 2/15, pkt. 6

Velkommen

- » Møteleder Ole Kristian Rogndokken, daglig leder, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Åpning

- » Riksrevisor Per-Kristian Foss

Kommunelovutvalget - statusrapport

- » Utvalgsmedlem Nina Neset, daglig leder, Romerike Revisjon IKS

Lunsj / utstilling

Kommunereform - ekspertutvalgets sluttrapport

- » Ekspertutvalgets leder Signy Irene Vabo, professor, Høgskolen i Oslo og Akershus

Pause / utstilling

Kommentarer til ekspertutvalgets rapport

- » Dr. polit. Jan Erling Klausen, forsker, Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
- » Professor Nils Aarsæther, UiT Norges arktiske universitet

Pause / utstilling

Samspillet mellom fylkesmannens tilsyn og kontrollutvalgets tilsynsaktivitet

- » Fylkesmann Sigbjørn Johnsen, Fylkesmannen i Hedmark

Pause / utstilling

Null CTRL: Så lett går det galt!

I en prisbelønt artikkelserie har Dagbladets reportere avdekket hvordan sviktende datasikkerhet rammer oss hjemme, på jobb og i det offentlige rom.

- » Reportasjeleder Espen Sandli, Dagbladet

Middag

- på vakt for fellesskapets verdier

Torsdag 5. februar

Møteleder: Møteleder Sverre Bugge Midthjell, leder, NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og rådgiver, KonSek Midt-Norge IKS

Velkommen

- Møteleder Sverre Bugge Midthjell, leder, NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og rådgiver, KonSek Midt-Norge IKS

KMDs evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariater

- Director Birte Bjørkelo, Deloitte AS

Pause / utsjekking / utstilling

Paneldebatt om resultatene fra KMDs evaluering

Panel:

- Roar Thun (Ap), kontrollutvalgsleder, Ski kommune og styreleder i Follo interkommunale kontrollutvalgssekretariat (FIKS)
- Torgun M. Bakken, daglig leder, Glåmdal sekretariat IKS
- Orrvar Dalby, daglig leder, Vestfold Interkommunale Kontrollutvalgssekretariat (VIKS)

Lunsj / utstilling

Hvor redde er vi for korrupsjon?

- Partner Nigel Krishna Iyer, The Septia Group

Iyer er en innovativ, praktiserende lærer og dramatiker med over 20 års erfaring med å etterforske, oppdage og forebygge misligheter og korrupsjon. Les artikkelen "Hvem frykter for at de Røde Flagg etter misligheter og korrupsjon blir avdekket?"

Pause / utstilling

Grå økonomi

Aftenposten setter i en serie reportasjer søkelyset på kobling mellom hvit og svart økonomi. Norske skattekroner sluses inn i prosjekter der underleverandører driver svart og svindler med moms, skatt og avgifter.




- Journalist Siri Gedde-Dahl, Kapital (tidl. Aftenposten)

Kåseri

- Nyhetsredaktør Ole Petter Pedersen, Kommunal Rapport

Avslutning

- Styreleder Per Olav Nilsen, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)



– på vakt for fellesskapets verdier

Tertialrapport

Timeføring oppdatert 31.12.2014

Kunde 20259 Suldal Kommune

Timer innværende år

FR = Forvaltningsrevisjon
RR = Regnskapsrevisjon
ATT= Attestasjoner
KU = Kontrollutvalg

R 2014	Måned	Faktgr.	FR	RR	ATT	KU	RÅD	Totalsum	NOK ekskl. mva
1		1,0		26,5	2,0			29,5	22 420
2		24,0		5,0	16,0			49,0	37 240
3		54,5		44,0	11,5		4,0	110,0	83 600
4		63,5		84,5	5,0		0,5	153,5	116 660
5		22,0		5,0			7,0	34,0	25 840
6		12,5		5,5	15,0		7,0	40,0	30 400
7		1,0		1,5				2,5	1 900
8		8,5		1,0	10,0		0,5	20,0	15 200
9		2,0		22,5			6,0	30,5	23 180
10		29,0			4,5			33,5	25 460
11		23,0		10,5	7,0		8,0	48,5	36 860
12		58,5		27,5	9,5			95,5	72 580
Totalsum		299,5		233,5	80,5		32,5	646,5	491 340

Kunde 20259 Suldal Kommune

Budsjett og regnskap tidligere år

Data	Fakt.gr.	ER	RR	ATT	KU	RAD	Totalsum	NOK ekskl mva
B 2013		400,0	145,0	80,0	25,0		650,0	451 750
R 2013		316,5	271,0	129,5	28,5	5,0	750,5	521 598
B 2014		400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	494 000
R 2014		299,5	233,5	80,5	32,5	0,5	646,5	491 340
B 2015		400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	520 000

Budsjett 2015: Avtalt pris er lagt inn som en ramme. Avtalen innebærer at revisjonen kan bygge på en velfungerende intern kontroll med rasjonell elektronisk samhandling på regnskapsrevisjonen mens forvaltningsrevisjonen trekkes av rammen iht. kontrollutvalgets bestilling. Erfaring fra 2012 og 2013 viser at en del må justeres før slike minimumstimer kan benyttes.

Forbruk 2014: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2013 gjennomført og interimsrevisjonen for 2014 på det nærmeste avsluttet. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer. Blant særattestasjoner kan nevnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemmede som de mest tidkrevende. Det har også vært en del bekreftelser på tippemidler hvor utfylling og dokumentasjon ikke har vært tilfredsstillende. Innen forvaltningsrevisjon er rapport om arbeidsgiverpolitikk levert og et prosjekt om plan- og byggesaker under arbeid og leveres våren 2015. Årsoppgjøret er forberedt i forhold til 2012, men inneholder fremdeles en del mangler som innebærer at vi ikke kan jobbe så effektivt som forutsatt. Det er også fremdeles en del feil som avdekkes på interimrevisjon som sprenger budsjettrammen.

Oppsummert skyldes overforbruket: Mangler i årsoppgjøret, ikke tilfredsstillende dokumentasjon og utfylling av enkelte bekreftelser, fysisk tilstedeværelse i alle kontrollutvalg og noe mindre rådgivning.

VEDLEGG SAK 2/15. pkt. 7



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 06.01.15
Journalført: 15/04/ogh/14ha
Arkivkode: 216 .. = =

VEDLEGG SAK 2/15 - pkt. 8

Vår dato: 18.12.2014
Vår ref.: 2014/12433
Arkivnr.:

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2015

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane/fylkeskommunen i Rogaland for 2015 med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Statsarkivet og Kartverket. I tillegg har Fylkesmannen samordna sin tilsynsaktivitet med planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Vi har laga ei oversikt over planlagt tilsynsaktivitet 2015 fordelt på kommunar og tilsynsorgan (sjå vedlegg). Dei planlagde tilsyna til Statsarkivet, Kartverket og Fylkesmannen i Rogaland er med i denne oversikta. Arbeidstilsynet planlegg sine tilsyn gjennom heile året og er derfor ikkje med i denne oversikta. Grunna omorganisering er heller ikkje tilsyna frå Mattilsynet med i oversikta denne gong. De finn likevel informasjon om desse tilsyna nedanfor. Sjølv om ikkje alle tilsyna er planlagde nå, vil vi så langt som råd er sørgje for at belastninga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einskilde kommune.

Arbeidstilsynet har i 2015 eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringar dette fører med seg for det norske arbeidslivet. Dei har fem større nasjonale prosjekt som går på overnatting og servering, reinhald, bygg og anlegg, transport og ny i arbeidslivet. I tillegg blir det oppfølging av helse- og satsinga. Det blir gjennomført postale tilsyn med dei kommunane som ikkje har hatt besøk av tilsynet dei siste to åra. Når det gjeld reinhald skal Arbeidstilsynet både ha tilsyn med dei som leverer reinhaldstenester og dei som kjøper slik tenester, som til dømes kommunane.

Arbeidstilsynet held fram arbeidet retta mot inneklima i offentlege bygg, mellom anna i skular. I satsinga innan bygg og anlegg blir det fokusert på kommunane si rolle som byggherre. I 2014 starta innsatsen retta mot kommunane sine plikter etter lov om offentlige anskaffelser. I 2015 vil det bli tilsyn med dette i kommunane i Sør-Rogaland. Elles held Arbeidstilsynet fram med tilsynsprosjekt knytt til sosial dumping, inkluderande arbeidsliv (IA), industri, ulykker, støy, organisatorisk- og psykososialt arbeidsmiljø og ergonomi.

Mattilsynet skal auke tilsynsmengda i 2015. I tillegg til å føre tilsyn med risikoverksemder, blir det fleire mindre omfattande tilsyn i Mattilsynet sin portefølje. Tilsyna vil i hovudsak ikkje varslast. Det blir tilsyn med vassverk i risikoklasse 1 og vassverk i risikoklasse 3 og 4 som ikkje har analysert for mikrobiologi i 2014. I tillegg blir det tilsyn med institusjonsskjøkken. Andre prioriterte oppgåver der kommunane kan bli involverte er tilsyn med kjæledyr. Det kan bli aktuelt å sjå nærare på handtering av problematikken og ansvaret rundt eigarlaus kattar. Det kan også vere av interesse at Mattilsynet skal gjennomføre ein tilsynskampanje med brannsikring i svinehald. Samtidig vil tilsynet undersøke MRSA (*meticilinresistente Staphylococcus aureus*). Påvising av MRSA vil få konsekvensar for folkehelsa.

Statsarkivet i Stavanger skal ha tilsyn med fem kommunar i 2015. Tema for tilsynet er arkivlova med tilhøyrande forskrift. Tilsynet vil hovudsakleg dreie seg om arkivplanlegging, elektroniske

arkiv og arkivlokale. Når det gjeld Haugesund vil ein og sjå på arkiv som er knytt til kommunen si deltaking i næringsutvikling og -tilrettelegging, retta mot offshore-industrien. I tillegg vil Statsarkivet foreta eit kartleggingstilsyn i ein kommune for å få oversyn over arkivhaldet og dei fagsystema som kommunen brukar. Dette vil vere eit dokumentbasert tilsyn utan at dei gjennomfører ein revisjon i kommunen dette året.

Kartverket skal ha eitt tilsyn i Rogaland neste år. Sola kommune er trekt ut til matrikkeltilsyn hausten 2015. Sola har og hatt matrikkeltilsyn tidlegare. Kartverket ønskjer derfor å gjere merksam på at måten dei trekkjer ut kommunane for tilsyn, av og til kan føre til at same kommune får to tilsyn kort tid etter kvarandre.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er for det meste innarbeidd i oversikta. Her finn de informasjon om kva tema som blir tatt opp. I denne oversikta er og Fylkesmannen sin forvaltningskontroll når det gjeld landbruk.

Fylkesmannen si helse- og sosialavdeling skal i 2015 gjennomføre landsomfattande tilsyn med samhandling om utskriving av pasientar frå sjukehus til kommunen. Tilsynet omfattar somatiske helsetenester, ikkje rus og/eller psykiatri. Fylkesmannen skal plukka ut to kommunar i sør-Rogaland. Dette på bakgrunn av statistikk frå SUS som viser kor mange pasientar som er utskrivne til kommunane dei fyrste månadane i 2015. Sjølv tilsynsbesøka er planlagde i mai/juni. Dei to kommunane som det vil bli ført tilsyn med vil få skriftleg melding om tilsynet i mars.

Helse- og sosialavdelinga vil og gjennomføre stikkprøvetilsyn med saksbehandlinga etter helse- og omsorgslova i Sandnes, Karmøy, Eigersund og Time kommune. I tillegg vil det bli gjennomført sjølvmeldingstilsyn på områda folkehelse, rehabilitering og NAV-kontora sine sosiale tenester til personar mellom 17 til 23 år. Dette vil bli gjennomførte i mest alle kommunane. Det vil tidleg i 2015 bli send ut brev med opplysningar om tema, gjennomføring og tidsplan for desse tilsyna.

Vi gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Dette brevet og oversikta over planlagde tilsyn finn de og på www.fylkesmannen.no/rogaland. Her er Fylkesmannen sin tilsynskalender og –rapportar, informasjon om samordning av statlege tilsyn og lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør


Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no

1 vedlegg

Kopi: sjå vedlagte adresseliste

			Barnevernstenesta – Eigenevalueringstilsyn		
		2. halvår			
	<u>SOLA</u>	1. halvår		Skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.	
		2. halvår			Forvaltningskontroll
					Matrikkellova
	<u>STAVANGER</u>	1. halvår	Fengselshelsetenesta	Spesialpedagogisk hjelp for opplæringspliktig alder.	
		2. halvår	Kommunal styring av private teneste- leverandører av helse- og omsorgstenester		
	<u>STRAND</u>	1. halvår			Forvaltningskontroll
		2. halvår		Økonomisk likeverdig behandling	Arkivlova
	<u>SULDAL</u>	1. halvår	Barnevernstenesta – kommunen sitt arbeid med meldingar		
		2. halvår			Forvaltningskontroll
	<u>TIME</u>	1. halvår	Stikkprøvetilsyn: saksbehandling etter helse- og omsorgslova		
		2. halvår	Barnevernstenesta - eigenevalueringstilsyn	Samfunnstryggleik og beredskap	
	<u>TYSVÆR</u>	1. halvår			Forvaltningskontroll Felles med Bokn og Haugesund (utsett frå 2014)



eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale

Oppbevaringstiden for regnskapsmateriale er fra 2015 redusert til 5 år. Det er gjort noen unntak, herunder dokumentasjon av kjøp av kapitalvarer i form av fast eiendom.

Oppbevaringstiden for primærdokumentasjon i henhold til bokføringsloven § 13 ble ved lovendring i desember 2013 redusert fra 10 år til 5 år. Imidlertid slik at lovendringen hittil kun har vært gjeldende for årsregnskapet, årsberetning, revisjonsberetning og nummererte brev fra revisor.

Finansdepartementet fastsatte 22. desember 2014 endringer i bokføringsforskriften og enkelte andre forskrifter for å tilpasse disse til redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale etter bokføringsloven. Forskriftsendringene gjelder fra 1. januar 2015. Videre er det også gjort endringer i merverdiavgiftsforskriften som reduserer oppbevaringskravet for dokumentasjon for justeringsrett og -plikt til 5 år etter utgangen av justeringsperioden.

Etter forskriftsendringene er det altså 5 års oppbevaringstid også for spesifikasjoner av pliktig regnskapsrapportering, dokumentasjon av bokførte opplysninger, dokumentasjon av balansen mv.

Det er imidlertid gjort noen unntak:

- Dokumentasjon av kjøp av kapitalvarer som nevnt i merverdiavgiftsloven § 9-1 (2) pkt. b, dvs. fast eiendom, skal oppbevares i ti år etter regnskapsårets slutt, jf. bokføringsforskriften § 7-3 nytt fjerde ledd.
- Prosjektregnskap i bygge- og anleggsbransjen samt dokumentasjon av bokførte opplysninger som inngår i prosjektregnskapet, byggekontrakter mv. jf. bokføringsforskriften § 8-1-5.
- Utenlandske foretak som driver virksomhet på norsk sokkel, skal fortsatt oppbevare dokumentasjon som nevnt i bokføringsforskriften § 8-8-4 i ti år.
- Bokføringspliktige som driver petroleumsutvinning og rørledningstransport skal fortsatt oppbevare oppbevaringspliktig regnskapsmateriale etter bokføringsloven § 13 i femten år etter utløpet av vedkommende inntektsår, jf. bokføringsforskriften § 8-9-4.
- Banker og finansieringsforetak skal fortsatt oppbevare kunde- og leverandørspesifikasjon som nevnt i bokføringsforskriften § 8-13-3 i ti år. Det samme gjelder dokumentasjon for bokførte opplysninger som inngår i slike spesifikasjoner, jf. § 8-13-4.

Nærmere om oppbevaringskrav knyttet til justering av merverdiavgift

I kommunal sektor er det først og fremst unntaket for dokumentasjon av kjøp av kapitalvarer i form av fast eiendom som er aktuelt. Unntaket vil gjelde all dokumentasjon for kostnader forbundet med ny, på- eller ombygging av fast eiendom der inngående merverdiavgift utgjør minst kr 100 000. Slik dokumentasjon skal altså oppbevares i 10 år

Norges Kommunerevisorforbund
– på vakt for fellesskapets verdier

Postadresse:
Postboks 1417 Vika
0115 OSLO

Besøksadresse:
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00
E-post: post@nkrf.no
Web: www.nkrf.no

Org.nr.: 975 450 694
Kontonr.: 1450.12.70424

etter regnskapsårets slutt. Dvs. at kjøpsdokumentasjonen skal oppbevares i hele justeringsperioden. I tillegg skal altså dokumentasjon som følger av merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2, § 9-1-3, § 9-3-3 og § 9-3-5 (justeringsdokumentasjonen) oppbevares i 5 år etter utløpet av justeringsperioden.

Oppsummert blir dermed oppbevaringskravene knyttet til justeringsreglene slik:

- Kjøpsdokumentasjon for kapitalvarer i form av fast eiendom oppbevares i hele justeringsperioden, dvs. 10 år
- Kjøpsdokumentasjon for andre kapitalvarer oppbevares i hele justeringsperioden, dvs. 5 år
- Justeringsdokumentasjonen oppbevares i hele justeringsperioden og ytterligere 5 år.

Det er i forskriftsendringene ikke nevnt noe om forholdet til justeringsreglene lov om merverdiavgiftskompensasjon. Det antas at henvisningen i kompensasjonsforskriften § 6 til justeringsreglene for merverdiavgiftsforskriften innebærer at tilsvarende oppbevaringskrav vil gjelde også for kapitalvarer etter kompensasjonsloven § 16.

Pålegg om lengre oppbevaringstid i forbindelse med kontroll

Fra 1. januar 2015 trer også ligningsloven ny § 6-7a, merverdiavgiftsloven ny § 16-8a og skattebetalingsloven ny § 5-13c i kraft. Etter disse bestemmelsene kan skattekontoret i forbindelse med kontroll pålegge bokføringspliktige å oppbevare regnskapsmateriale etter bokføringsloven § 13 første ledd nr. 1 til 4 i mer enn fem år etter regnskapsårets slutt. Pålegg om lengre oppbevaringstid kan gis både etter at kontroll er iverksatt og før iverksettelse når en kontroll er nær forestående.

Lillehammer, 12. januar 2015

Knut Erik Lie
Seniorrådgiver

VEDLEGG SAK 2/15-pl.10


Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte

Kontrollutvalgene har en vesentlig betydning for egenkontrollen, sekretariatene bistår utvalgene på en god måte og forvaltningsrevisjon og selskapskontroll har en vesentlig innvirkning på læring og forbedring i kommunene.

Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte

09.01.2015

Kontrollutvalgene har en vesentlig betydning for egenkontrollen, sekretariatene bistår utvalgene på en god måte og forvaltningsrevisjon og selskapskontroll har en vesentlig innvirkning på læring og forbedring i kommunene.



Deloitte har på oppdrag fra KMD evaluert kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat i kommunene. Siktet med evalueringen er å styrke kunnskapsgrunnlaget om sentrale deler av den kommunale egenkontrollen.

Rapporten er oversendt til Kommunelovutvalget, og den skal danne grunnlag for lovutvalgets vurderinger av egenkontrollen og videre utvikling av egenkontrollregelverket.

Kontrollutvalg

Evalueringen viser at kontrollutvalgene i stor grad består av politikere med lang erfaring. Flertallet av kontrollutvalgsledere har lengre kommunestyreefaring enn en gjennomsnittlig kommunestyrepolitiker. 43 prosent av utvalgsmedlemmene har blitt gjenvalgt fra forrige periode. Dette er om lag samme gjenvalgsprosent som til kommunestyret og formannskapet.

Det er mest vanlig å ha fem medlemmer i kontrollutvalget. Det er en sammenheng mellom kommunestørrelse og antall medlemmer, og over halvparten av de små kommunene har tre medlemmer i utvalget. Lederen kommer som regel fra «opposisjonen».

Sekretariatene opplyser at medlemmene vurderer deltakelse i utvalget som mer attraktivt når politikerne først får førstehåndserfaring med hva deltakelse i utvalget innebærer.

Sekretariatene

I 2014 er det 58 kontrollutvalgssekretariat, som i gjennomsnitt har ansvar for 7,2 kontrollutvalg hver. Rundt halvparten av sekretariatene består av én ansatt. Ti sekretariatvirksomheter har ansvar for 15 kontrollutvalg eller mer, og til sammen betjener disse sekretariatene 43 prosent av kontrollutvalgene. Drøyt 81 prosent av kontrollutvalgene har sekretariat organisert som et interkommunalt selskap eller samarbeid.

Nesten samtlige kontrollutvalgsledere er helt eller ganske enig i at deres kontrollutvalg har et sekretariat som bistår utvalget på en god måte.

Nesten samtlige kontrollutvalgsledere (94 prosent) er helt eller ganske enig i at deres kontrollutvalg har et sekretariat som bistår utvalget på en god måte. Langs andre parameter knyttet til kvalitet og kompetanse synes et stort flertall av kontrollutvalgslederne å være fornøyd. Evalueringen viser store forskjeller i hvor mye tid sekretariatene benytter på å bistå kontrollutvalget og hvilke oppgaver som utføres. Det er en større andel av sekretariatene som oppgir at utvalgets engasjement er avgjørende for tidsbruken, enn de som oppgir budsjett og kommunestørrelse.

Planlegging av kontrollarbeidet

Den overordnede analysen er sentral både for valg av prosjekt og ellers i den kommunale egenkontrollen. Nesten alle kontrollutvalgene har en plan for forvaltningsrevisjon, og et klart flertall har det også for selskapskontroll. Disse planene er i de aller fleste kommuner tuftet på en overordnet analyse av risikoforhold i vedkommende kommune. Rundt halvparten av kontrollutvalgene oppdaterer analysen og planene for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll underveis i valgperioden. Et klart flertall av lederne opplever at analysen gir tilstrekkelig informasjon til å velge ut og prioritere forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Et klart flertall av lederne opplever at analysen gir tilstrekkelig informasjon til å velge ut og prioritere forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

I rapporten anslås det at det har vært en vekst i antall forvaltningsrevisjons- og selskapskontrollprosjekter. Når det gjelder selskapskontroll anslås det at det ble gjennomført 225 kontroller eller rundt 0,5 kontroller i gjennomsnitt per kommune i 2013. Tilsvarende tall for forvaltningsrevisjon i 2013 anslås til hhv. 750 prosjekter og 1,7 prosjekter i gjennomsnitt per kommune. Videre anslås et «normalt» forvaltningsrevisjonsprosjekt til å utgjøre i underkant av 300 timer.

Evalueringen viser at kontrollutvalgsledere, kontrollutvalgssekretærer og rådmenn i all hovedsak mener at arbeidet som kontrollutvalget gjør med hensyn til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er godt – dels uavhengig av omfang og innhold i det faktiske kontrollarbeidet. Videre viser evalueringen at arbeidet til kontrollutvalget har en vesentlig betydning for kommunens egenkontroll, og for kontroll av og læring og forbedring i forvaltningen.

... arbeidet til kontrollutvalget har en vesentlig betydning for kommunens egenkontroll, og for kontroll av og læring og forbedring i forvaltningen.

Faktorene flest kontrollutvalgsledere mener er viktig for å få gjennomført forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller, er revisors kompetanse og revisors gjennomføringsevne.

Oppfølging og effekt av kontrollarbeidet

Revisjonens anbefalinger blir i stor grad vedtatt av kontrollutvalget, og kontrollutvalgene får i all hovedsak gjennomslag for sin innstilling i kommunestyret. Videre viser evalueringen at anbefalingene i stor grad blir gjennomført av forvaltningen, og fulgt opp av kontrollutvalget. Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har dermed en vesentlig innvirkning på forbedringsarbeidet i forvaltningen. Selv om endringsprosesser kan startes kun ved å «sette fokus på ting», viser evalueringen at en rekke trekk ved revisjonsprosessen kan være med på å påvirke læringseffekten positivt. Involvering av administrasjonen i overordnet analyse, god kompetanse hos revisjonen, og relevante prosjekter med høy kvalitet er alle faktorer som synes å bidra til økt læringseffekt av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har dermed en vesentlig innvirkning på forbedringsarbeidet i forvaltningen.

I rapporten understrekes det at gjennomføring av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har en effekt uavhengig av rådmannens «opplevelse av læring», ved at de er med på å opplyse de folkevalgte i kommunestyret om hvordan forvaltningen utfører oppgavene sine.

Høringer

Evalueringen viser at høringer i regi av kontrollutvalget per i dag er et relativt marginalt fenomen, selv når det legges til grunn en «vid» definisjon. Det er videre klart at flere mener at høring som kontrollform har et svært begrenset anvendelsesområde. Det går også frem at det varierer hva man legger i begrepet «høring».

Videre er det en relativt lav andel av kontrollutvalgene som har utarbeidet reglement for høringer, og det går tydelige fram at de faktiske erfaringene med høringer er varierende. Det som det derimot synes å være stor enighet om, er behovet for nasjonale regler og retningslinjer for høringer, dersom dette er en kontrollform de kommunale kontrollutvalgene skal kunne benytte.

På NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2015 vil Deloitte foreta en nærmere presentasjon av evalueringsrapporten. Presentasjonen vil bli fulgt opp av en paneldebatt.

Relaterte dokumenter:

- Rapporten «Evaluering Kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat» (Desember 2014) »



Legg til en kommentar ...

☒ Publisert på Facebook også

Publisert som **Toril Hallsjø** ▾

Kommenter

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.15	03/15
Kommunestyret	17.03.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - STYRING AV BYGGEPROSJEKT

Vedlegg: notat om oppfølging av rapport - frå rådmannen, datert 15.01.15

Bakgrunn:

På bestilling frå Suldal kontrollutval gjennomførte Rogaland Revisjon IKS ei forvaltningsrevisjon av Styring av byggeprosjekt i kommunen hausten 2013. Dette var i tråd med prioriteringane i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015.

Kontrollutvalet handsama rapporten den 21.11.13. Kommunestyret handsama rapporten den 04.02.14, i sak 05/14. Vedtaket i kommunestyret var følgjande:

- 1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Styring av byggesaker» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

I rapporten kom revisjonen med følgjande tilrådingar:

- Kommunen bør dokumentere vurdering og val av entreprisform.*
- Kommunen bør setje klarare reglar for når ein budsjettoverskriding skal rapporterast straks og til kven.*
- Kommunen bør redusere etterslepet på sluttrekneskapar.*
- Kommunen bør utarbeide ein eigen sluttrapport når det har vore vesentlege budsjettoverskridingar eller andre vesentlege avvik i eit byggeprosjekt.*

Vi ser elles for oss at alle dei omtala tilhøva blir teke med og kommentert i dei nye retningslinene for investeringsprosjekt som kommunen har under arbeid.

Saksutgreiing:

I ein e-post til sekretariatet 12.11.14 gjorde rådmannen greie for at administrasjonen trong meir tid for å kome med ei oppfølging av rapporten. Han bad om at saka blei utsett frå novembermøtet og til møtet som var planlagt i februar 2015.

I notat om oppfølging av rapport, datert 15.01.15 har rådmannen gjort greie for korleis rapporten har blitt fulgt opp. Notatet er vedlagt saka.

Rådmannen har svara punktvis på dei anbefalingane som revisor kom med i sin rapport. Han omtalar i fleire av punkta at det skal utarbeidas nye retningslinjer for gjennomføring av utbyggingsprosjekt (budsjett, rekneskap og sakshandsaming av investeringsprosjekt). Retningslinjene vil bli lagt fram for kommunestyret som eiga sak.

Rådmannen har svara på alle tilrådingane i rapporten, og han vil kunne utdjupa sine svar i møtet. Utvalet må sjølv vurdere om rådmannen har følgd opp tilrådingane på ein tilfredsstillande måte.

I følgje Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar.


Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyret tek rådmannen si tilbakemelding om hans oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Styring av byggeprosjekt» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

Aksdal, 03.02.15



Odd Gunnar Høie

Rådgjever/utvalssekretær

FORVALTNINGSREVISJON - STYRING AV BYGGEPROSJEKT

NOTAT OM OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ ROGALAND REVISJON IKS

Rogaland Revisjon IKS gjennomførte hausten 2013 forvaltningsrevisjon av Styring av byggeprosjekt i Suldal kommune. Denne forvaltningsrevisjonen vart gjennomført på bestilling frå kontrollutvalet i Suldal kommune.

Formålet med forvaltningsrevisjonen var å få ei vurdering av korleis kommunen sine byggeprosjekt vart gjennomført (planleggingsfase, gjennomføringsfase) og likeins kome med forslag til forbetringar når det gjeld styring av byggeprosjekt.

Suldal kommune har i dei siste 10 åra hatt mellom 30 og 40 aktive investeringsprosjekt kvart år.

Rogaland Revisjon IKS har hatt ein grundig gjennomgang av 6 større og mindre byggeprosjekt som er gjennomført i perioden 2006 – 2012.

Rogaland Revisjon IKS har gjort ei vurdering av følgjande byggeprosjekt:

- *Utbygging Sand skule*
- *Utbygging Kjerstimoen barnehage, Suldalsosen*
- *Bygging av sandvolleyball hall på Eide, Sand*
- *Bygging av kunstgrasbane på Suldalsosen*
- *Oppgradering av varme- og ventilasjonsanlegg ved Jelsa bu- og omsorgssenter*
- *Opprusting av kloakkanlegg ved Hiimsmoen*

Etter ei samla vurdering med bakgrunn i

- *korleis Suldal kommune organiserer og gjennomfører sine byggeprosjekt*
- *ulike intervju og samtalar med bygg og eigedomssjef*
- *volum og aktivitetsnivå i utbyggingsoppgåver*
- *grundig vurdering av utvalgte byggeprosjekt*

har Rogaland Revisjon IKS kome med følgjande tilrådingar til Suldal kommune:

- *Kommunen bør dokumentere vurdering og val av entreprisform*
- *Kommunen bør sette klarare reglar for når ein budsjettoverskriding skal rapporterast straks og til kven*
- *Kommunen bør redusere etterslepet på sluttregneskap*
- *Kommunen bør utarbeide ein eigen sluttrapport når det har vore vesentlege budsjettoverskridingar eller andre vesentlege avvik i eit byggeprosjekt*

Kontrollutvalet i Suldal kommune handsama den 21.11.13 rapporten frå Rogaland Revisjon IKS, og ga følgjande innstilling til vedtak til kommunestyret:

Suldal kommune har merka seg det som kjem fram av Rogaland revisjon IKS sin rapport "Styring av byggeprosjekt" og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.

Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyret gjorde i møte den 04.02.14 samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet.

Tilbakemelding til kommunestyret:

Rådmannen har i ettertid i dialog med Haugaland kontrollutvalgssekretæriat IKS blitt enige om at tilbakemeldingar på oppfølging av rapport frå Rogaland Revisjon IKS kan leggst fram for kontrollutvalet i møtet 11. februar 2015. Kommunestyret handsamer saka i møtet 14. mars.

Rådmannen legg med dette fram følgjande tilbakemelding til kontrollutvalet og kommunestyret når det gjeld oppfølging av rapporten frå Rogaland revisjon IKS sine konklusjonar og tilrådingar:

1. Kommunen bør dokumentere vurdering og val av entrepriseform

For nokre utbyggingsprosjekt er entrepriseformen opplagt, mens for andre utbyggingsprosjekt kan fleire alternative entreprisereformer vere aktuelle.

Kommunale bygg og eigedomar har frå 01.01.15 innført ein praksis at vurdering og val av entrepriseform skal dokumenterast skriftleg for alle nye byggeprosjekt som er vedtatt gjennomført frå og med 2015.

Dette skal og nedfellast i nye retningslinjer for gjennomføring av utbyggingsprosjekt (budsjett, rekneskap og sakshandsaming av investeringsprosjekt) som vil bli lagt fram for kommunestyret som eiga sak. Rådmannen legg opp til at nye retningslinjer for gjennomføring av utbyggingsprosjekt vert lagt fram for politisk handsaming før sommarferien.

2. Kommunen bør sette klarare reglar for når ei budsjettoverskriding skal rapporterast straks og til kven

Nye klare reglar for korleis budsjettoverskridingar skal rapporterast og handsamast skal nedfellast i dei omtala nye retningslinjene for gjennomføring av utbyggingsprosjekt.

3. Kommunen bør redusere etterslepet på sluttrekneskap.

Rådmannen legg opp til at reglar for handsaming av sluttrekneskap skal innarbeidast i dei nye retningslinjene for gjennomføring av utbyggingsprosjekt. Rådmannen meiner det bør vere potensiale til å forenkle prosessane knytta til handsaming av sluttrekneskap.

4. Kommunen bør utarbeide ein eigen sluttrapport når det har vore vesentlege budsjettoverskridingar eller andre vesentlege avvik i eit byggeprosjekt

Reglar eller føringar for dette vil også til liks med andre tilrådingar frå Rogaland revisjon IKS måtte innarbeidast i dei nye retningslinjene for gjennomføring av utbyggingsprosjekt.

Kommunale bygg og eigedomar har allereie tatt denne tilrådinga til etterretning.
Byggeprosjektet Vinjar skule som nettopp er slutført er i ein rekneskapsmessig slutfase.
Byggeprosjektet inneheld vesentlege budsjettoverskridingar og andre avvik. Det er allereie under utarbeiding ein eigen sluttrapport for dette prosjektet.

Sand, den 15. januar 2015

Lauritz Lauritzen
Bygg og eigedomssjef
Suldal kommune

Øyvind Valen
Rådmann

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.15	04/15
Kommunestyret	17.03.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – PLAN- OG BYGGESAKER

Vedlegg: «Plan- og byggesaker» – rapport utarbeida av Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 for Suldal kommune er «Plan- og byggesaker» eit av dei prioriterte prosjekta. Kontrollutvalet starta våren 2014 ein prosess med å gjennomføra ein slik forvaltningsrevisjon. Rogaland Revisjon IKS utarbeidde ein prosjektplan etter utvalet sitt ønskje.

Kontrollutvalet vedtok på møte 19.06.14, i sak 13/14 følgjande:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Plan- og byggesaker» i fylgje vedlagte prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS, med tillegg av ei problemstilling som omhandlar kommunen sitt samspel med fylkesmannen og andre overordna organ. Ramma for prosjektet vert sett til 200 timar.

Foremål og problemstillingar:

Prosjektet skal vurdere kommunens plan- og byggesaksbehandling.

Utvalet bad revisor sjå nærare på desse problemstillingane:

- *Korleis gjennomførast arealplanlegging og handsaming av plan- og byggesaker i kommunen?*
- *Er kommunen sine arealplanar oppdaterte og tydelege nok for ein effektiv handsaming av byggesaker?*
- *Korleis er samspelet med fylkesmannen og andre overordna organ?*
- *I kva grad er brukarane nøgde med handsaminga av byggesakene?*
- *Korleis handterast tilsyn i byggesaker?*
- *Har kommunen tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet på områda?*
- *Korleis gjennomførast kjøp av konsulenttenester?*
- *I kva grad vert dei lovmessige tidsfristane for plan- og byggesaker overhalde?*
- *Har kommunen hatt gebyrtap på grunn av for lang tid på sakshandsaminga?*

Saksutgreiing:

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn, inkludert revisor sine tilrådingar. Rådmannen sin uttale finn ein på sidene 8-9. Føremål, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Fakta og vurderingar vert gjort greie for i kapittel 2. Vedlegget inneheld utfylgjande dokumentasjon, blant anna om revisjonskriterier og metode, kjelder og fleire kommunale dokument.

Revisjonen har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:Hovudbodskap:

Vi finn kommunen sitt arbeid med plan- og byggesaker stort sett tilfredsstillande. Vi har tilrå-dingar som går på bruken av ByggSøk, tilsyn, tidsregistreringa av ordinære byggesaker og handteringa av gebyrreduksjon ved fristoverskridingar i slike saker. Vi har også nokre merkna-der som gjeld andre tilhøve.

Tilrådingar:

- *Kommunen bør vurdere tiltak for om mogleg få fleire byggefirma til å levere elektroniske byggesøknader. Dette kan gjerne vere eit samarbeid med nabokommunane.*
- *Kommunen bør utarbeide ein tilsynsstrategi og auka talet på tilsyn. Dette kan gje-rast i samarbeid med nabokommunane.*
- *Kommunen bør sørge for at tidsregistreringa ved ordinære byggesøknader (12 ve-kers tidsfrist) blir korrekt, slik at ein kan følgje med på saker kor det kan vere aktu-elt med gebyrreduksjon ved fristoverskridingar. Kommunen bør også ha ein fast rutine på å betale tilbake gebyr ved fristoverskridingar.*

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen seier han er tilfreds med at Rogaland Revisjon IKS finn kommunen sitt arbeid med plan og byggesaker tilfredsstillande. Rådmannen har punktvis gitt sin kommentar til revisjonen sine tre tilrådingar på sidene 8-9.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjera vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar. Rådmannen har i sin uttale gitt ein grundig kommentar til kvar av revisjonen sine tilrådingar.

Kontrollutvalet er pålagd en oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til rapporten jf. Kontrollutvalsforskrifta § 12, slik at Suldal kommune blir bedt om å gje ei tilbakemelding på vidare arbeid om cirka eit halvt år etter vedtak i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Plan- og byggesaker» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 03.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.15	05/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – LEGETENESTA I SULDAL KOMMUNE

Vedlegg: Legetenesta i Suldal kommune - prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak på møte 27.11.14, i sak 24/14:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Rutinar ved skifte av legar» til neste møte, 11.02.15.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som ligg ved. I utkastet er aktuelle problemstillingar i samband med ein forvaltningsrevisjon av «Legetenesta i Suldal kommune» klargjort.


Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet i vår/sommar 2015, for venteleg å levera rapport i september 2015. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på ca.150 timar. Det er budsjettetert med ei ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på inntil ca. 400 timar i 2015.

Kontrollutvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar til dei føreslåtte problemstillingane dersom utvalet ønskjer det.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Legetenesta i Suldal kommune» i fylgje vedlagte prosjektmandat/ med desse endringane:frå Rogaland Revisjon IKS. Ramma for prosjektet vert sett til 150 timar.

Aksdal, 03.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

 Rogaland Revisjon IKS	Mottatt dato: 30.01.15 Journalført: 15744/094 Arkivkode: 216	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune		Utarbeidet dato/sign.:	År: 2015
Enhet: Forvaltningsrevisjon		Gjennomgått dato/sign.: 27.01.2015/BEM	Side: 1
Sak: Legetenesta i Suldal kommune			

Bakgrunn

I møte 27.11.14 ba kontrollutvalget Rogaland Revisjon om å utarbeide eit prosjektmandat for ein vurdering av legetenesta i Suldal kommune. Det var eit ønske om at prosjektet skal ha hovedfokus på rutinar ved skifte av legar.

Statistikken i KOSTRA viser at Suldal har **høge utgifter til kommunehelsetenesta; ca. 3900 kroner pr. innbyggjar**. Snittet for alle Rogalandskommunane er på ca. 1900 kroner pr. innbyggjar, mens kommunegruppe 3 (SSBs samling av kommunar med ei rekke fellestrekk) brukar 3800 kroner pr. innbyggjar.

Talet på legeårsverk per innbyggjar er også langt høgare i Suldal enn i andre kommunar. I Suldal var det i 2013 18,4 legeårsverk pr. 10000 innbyggjar. Snittet i Rogaland var på 9,3 og snittet i kommunegruppe 3 var 14,4 legeårsverk per 10000 innbyggjar.

I Suldal har legane få pasientar pr. liste. Ifølge fastlegeforskriften skal ikkje ein lege ha meir enn 2500 pasientar på si liste, og eit listetak på mindre enn 500 må avtalast med kommunen. I 2013 var gjennomsnittleg listelengde på landsbasis 1273 pasientar pr. liste¹, i kommunegruppe 3 var gjennomsnittet 884 og i Suldal var gjennomsnittet 712 pasientar pr. liste.

Den einskilde innbyggjar kan fritt velje fastlege i ein annan kommune enn heimkommunen. Det betyr at nokre innbyggjarar i Suldal har fastlege i andre kommunar, og nokre innbyggjarar i andre kommunar har fastlege i Suldal.

Med samhandlingsreforma er det stilt nye krav til legane om å medverke i forebyggingsarbeid og bidra ved sjukeheim, helsestasjons- og skolehelsetenesta og i legevaktsordninga. Korleis legeressursen vert brukt betyr mykje for ventetider og legedekning for folk flest, og for dei som treng legehjelp i sjukeheim og i tenester for barn og unge. Organiseringa og kvaliteten på legetenestene kan og ha noko å seie for omfanget av innleggingar på sjukehus.

Formål

Formålet med dette prosjektet er å vurdere legetenesta i Suldal kommune; organisering, bemanning, legedekning og tilgjengelegheit.

Problemstillingar

Ut i frå bakgrunn og formål tar prosjektet sikte på å kartlegge og vurdere desse konkrete problemstillingane:

- Korleis er organisering og leing for legetenesta i Suldal kommune lagt opp?
- Korleis er bemanninga og turnover i legetenesta?
- Kva rutinar har ein ved skifte av legar i helsetenesta?

¹ Kilde: SSB sin KOSTRA-statistikk. Listelengda er her korrigert for kommunale timer.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune	Utarbeidet dato/sign.:	År: 2015
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 27.01.2015/BEM	Side: 2
Sak: Legetenesta i Suldal kommune		

- Kva slags informasjon vert gitt til nye legar?
 Korleis vert pasientane informerte om legeskiftet?
 Korleis sikrar ein pasientoppfølginga ved slike skifter?
- Har alle innbyggjarane i Suldal fastlege, eller finnes det nokon som ikkje har fått fastlege? Kva er ev. årsaka til det?
 - Kor mange innbyggjarar i Suldal har fastlege i andre kommunar, og kvifor har dei det? Kor mange innbyggjarart frå andre kommunar har fastlege i Suldal?
 - Kva er grunnen til at gjennomsnittleg listelengde er låg i Suldal kommune?

Revisjonskriterier

Revisjonskriteriene er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funn i dei undersøkingane som vert gjennomført. Kriteriene skal ha bakgrunn i, eller vere utleda av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I punkta under viser me aktuelle kjelder til revisjonskriterier. Desse vil og bli utledet underveis i arbeidet med rapporten:

Kommunen si legeteneste er regulert i lover, forskrifter og avtaler. Sentralt i så måte er:

- Forskrift om fastlegeordning i kommunane (ny forskrift i 2012). M.a.:
 - § 21 «Allmenne tilgjengelighetsbestemmelser»
 - § 34 «Listetak»
 - Kapittel fire i forskrifta, om funksjons- og kvalitetskrav
- Mål, avgjerder, retningslinjer i Suldal kommune.

Metodeval

Tilnærminga vil basere seg på gjennomgang av relevante planer og dokumenter frå kommunen, intervju med legane og representantar for kommuneleiinga. I tillegg vil ein gjennomgå relevante nøkkeltall.

Rogaland Revisjon arbeider for tida med prosjekt om legetenesta i Strand kommune og Forsand kommune. Det er naturleg å bruke erfaring frå desse prosjekta som referansegrunnlag for vurderinga i Suldal kommune.

Omfang

Prosjektet vert utarbeid under leiing av fagansvarleg forvaltningsrevisor Bernt Mæland. Ein baserer seg på eit tett samarbeid med representantar for kommunen.

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er ca. 150 timer.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.02.15	06/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for 2014

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2014 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2014 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresemdt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014.

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 03.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2014

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2011-2015.

For perioden 2011-2015 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Sverre Underbakke - leiar

Berit Myrland – nestleiar

Solveig Sukka

Vanja Ignjatic

Tormod Skeie

Vararepresentantar:

1. Ole-Johan Østebø

2. Hans Sæter

3. († Arne Steinbru)

Sverre Underbakke sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje delteke på nokon av møta i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har delteke på tre av møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 5 møte fordelt på tre møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kommuneloven og kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt 25 saker til handsaming, kor 7 saker blei oversendt til kommunestyret. 38 saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Berit Myrland og Tormod Skeie deltok på NKRF-konferansen på Gardermoen 5. – 6. februar. Berit Myrland deltok også på FKT sin fagkonferanse i Haugesund 3. – 4. juni.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 08.05.14 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2013. Utvalet gav følgjande uttale til rekneskapen:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 19,6 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 26,1 millionar kroner, og at delar av dette er nytta til avsetningar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

I same møte handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, og gav følgjande uttale:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2013 viser eit årsresultat på 11,7 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av foretaket sin verksemd for 2013 og for foretaket si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

Revisor tar atterbald når det gjeld manglande bankinnskott for skattetrekk, at verdien på varelager ikkje kan verifiserast, samt avvik i berekning av meirverdiavgift.

Årsrapport frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen for 2013 vart lagt fram til orientering i møte 13.02.14.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012, og vedtak vart gjort av kommunestyret på nyåret i 2013.

Utvalet har handsama ein forvaltningsrevisjonsrapport i 2014, samt valt ut og bestilt to nye forvaltningsrevisjonsprosjekt. Rapporten om Arbeidsgjevarpolitikk var utarbeida av Rogaland Revisjon IKS og blei handsama på møte 19.06.14.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- *Vurdere om kommunen sitt lønstilbod er konkurransedyktig nok til å tiltreke seg ny arbeidskraft.*
- *Vurdere om ein har behov for ein samla og overordna analyse av framtidig kapasitets- og kompetansebehov.*
- *Vurdere om det er behov for å drøfte kva som ligg i den politiske og den administrative arbeidsgjevarfunksjonen og korleis arbeidsdeling mellom dei to sidene skal vere*

Rapporten blei handsama av kommunestyret 09.09.14 og vil bli fylgt opp av kontrollutvalet i 2015.

Utvalet valde i 2014 ut to forvaltningsrevisjonsprosjekt som blir ferdigstilt i 2015. Det eine er om Plan- og byggesaker og rapport blir venteleg ferdig i februar, det andre er om Rutinar for skifte av fastlegar og blir ferdigstilt seinare i 2015.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedtak blei gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og Rogaland Revisjon IKS blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Utvalet handsama sak med framlegg om bruk av opsjon på møte 10.09.14, sak 19/14. Utvalet gjorde følgjande vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlengje avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17

Kommunestyret handsama saken på møte 21.10.14, sak 64/14 og gjorde likelydande vedtak som kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Cicel T. Aarrestad med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og det har møtt ein representant frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si egenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at utvalet har fått orienteringar frå rådmannen om saker og spørsmål som medlemmene har bedd om.

Føljande personar frå administrasjonen har delteke på utvalet sine møte for å orientera:

13.02.14 – Rådmann Øyvind Valen og konstituert barnevernsleiar Hilde Årthus orienterte om oppfølging av rapport om barnevernet.

08.05.14 – Kommunalsjef Grethe J. Anglevik om legesenteret, kommunekasserar Arnfinn Gundersen om kommunen sin årsrekneskap og elverksjef Egil Bakke om Suldal Elverk KF sin årsrekneskap.

19.06.14 – Rådmann Øyvind Valen om revisjonsrapport «Arbeidsgjevarrolla» samt at han svara på andre spørsmål frå medlemmene.

27.11.14 – Rådmann Øyvind Valen om framlegget til budsjett for 2015.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2014.

TENESTE 1100	BUDSJETT 2014 (utvalet)	REKNESKAP 2014
Godtgjersle og driftsutgifter	220 670	190 959
Revisjonstenester	610 000	218 822
Sekretariatstenester	147 000	147 000
Sum utgifter (eks.mva.)	977 670	556 781

Utgiftene til revisjonen er under budsjett, dette kan skyldas at ikkje alle rekningane for 2014 er motteke/bokført.

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2015. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 998 500. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2014, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie.

Sekretariatet har egne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

Sverre Underbakke er vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, med Berit Myrland som vara. Myrland var til stades på representantskapsmøtet 28.04.14.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport, utvalet har handsama oppfølging av ein rapport, og bestilt/vald ut to nye prosjekt. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sand, 11. februar 2015

Berit Myrland

Sverre Underbakke
leiar

Solveig Sukka

Vanja Ignjatic

Tormod Skeie

VEDLEGG TIL ÅRMELDING 2014

Saker til handsaming:

- 01/14 Godkjenning av protokoll 21.11.13**
- 02/14 Referat- og orienteringssaker 13.02.14**
- 03/14 Årsmelding for kontrollutvalet 2013**
- 04/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – barnevernet**

- 05/14 Godkjenning av protokoll 13.02.14**
- 06/14 Referat- og orienteringssaker 08.05.14**
- 07/14 Suldal kommune sin årsrekneskap for 2013 – kontrollutvalet sin uttale**
- 08/14 Suldal elverk KF sin rekneskap for 2013 - kontrollutvalet sin uttale**
- 09/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt**

- 10/14 Godkjenning av protokoll 08.05.14**
- 11/14 Referat- og orienteringssaker 19.06.14**
- 12/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Arbeidsgjevarrolla»**
- 13/14 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Plan- og byggsaker»**

- 14/14 Godkjenning av protokoll 19.06.14**
- 15/14 Referat- og orienteringssaker 10.09.14**
- 16/14 Reglementet for kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring**
- 17/14 Revisor si egenerklæring**
- 18/14 Plan for rekneskapsrevisjon 2014**
- 19/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.16**
- 20/14 Budsjett for kontroll og tilsyn 2015**

- 21/14 Godkjenning av protokoll 10.09.14**
- 22/14 Referat- og orienteringssaker 27.11.14**
- 23/14 Orientering om budsjettframlegget for 2015 og økonomiplan 2015-2018**
- 24/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015**
- 25/14 Møteplan 2015**

Saker til orientering:

1. Statusoversikt pr. februar 2014
2. K-st vedtak 05/14 – rapport om styring av byggeprosjekter
3. Årsrapport – frå Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
4. Skatterekneskapen for 2013
5. Rapport frå NKRF-konferansen 5. – 6. februar 2014
6. Tertialrapport pr. 31.12.13 frå Rogaland Revisjon IKS
7. Oversikt over statlege tilsyn i 2014 – frå Fylkesmannen i Rogaland
8. Orientering om legesenteret v/kommunalsjef Grethe Jæger Anglevik
9. Oversikt frå Fylkesmannen – tal klager på legetenesta
10. Statusoversikt pr. mai 2014
11. Kontrollrapport 2013 – frå Skatteetaten
12. Brev frå Bjørn Furre vedk. Altiboks-tilknytning
13. E-post frå Bjarne Bråtveit vedk. ombygging av legesenteret
14. Representantskapsmøte 24.04.14 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
15. Representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
16. Representantskapsmøte 28.04.14 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 30.04.14 - Ryfylke Miljøverk IKS
18. Representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
19. Årsmøte 05.06.14 - Ryfylke IKS
20. Invitasjon til FKT-konferansen i Haugesund 3. – 4. juni 2014
21. Statusoversikt pr. juni 2014
22. Tertialrapport pr. 30.04.14 frå Rogaland Revisjon IKS
23. Orientering frå FKT-konferansen i Haugesund 3. – 4. juni 2014
24. Kopi av svarbrev til Bjørn Furre vedk. Altiboks-tilknytning
25. Kopi av svarbrev til Bjarne Bråtveit vedk. ombygging av legesenteret
26. Protokoll frå representantskapsmøte – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
27. Protokoll frå representantskapsmøte – Haugaland Vekst IKS
28. Forenklingsutvalet sitt framlegg til nye innkjøpsregler til høyring
29. Statusoversikt pr. september 2014
30. Tertialrapport 31.07.14 - frå Rogaland Revisjon IKS
31. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
32. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma
33. Statusoversikt pr. november 2014
34. Komm. styrevedtak sak 14/064 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
35. Komm. styrevedtak sak 14/065 – Endring av reglement for kontrollutvalet
36. Eigarskapsmelding 2014
37. TBU: 1,75 prosent – artikkel frå Kommunal Rapport 17.11.14
38. Oppsummering frå konferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland